

KOMMUNEPLAN FOR JONDAL 2004 – 2015

INNHALDSLISTE

FØREORD	3
Kommuneplanen sine verknader og bindingar	3
Føremålet med kommuneplanen.....	3
Korleis planen er bygd opp.....	4
Anna relevant planverk.....	4
Vedtak:	4
1. GRUNNLAG OG MÅLSETJINGAR	5
1.1. Dei grunnleggjande kjenneteikna ved eit godt lokalsamfunn!.....	5
1.2. Overordna mål for Jondal	8
1.3. Plangrunnlag.....	8
1.4. Fredrikstaderklæringa	8
2. NATURGRUNNLAG, FOLKETAL, BUSETNAD	11
2.1. Geografi og topografi	11
2.2. Demografi og busetnad.....	12
3. NÆRINGSLEV OG SYSSELSETJING	14
3.1. Utvikling innan ulike næringar og sysselsetjing	14
3.2. Utdanning.....	14
3.3. Tiltaksarbeid.....	14
3.4. Landbruk.....	16
3.5. Samferdsle	17
3.6. Reiseliv	18
4. HELSEVERN OG SOSIALE TENESTER	19
4.1. Generelt	19
4.2. Helsetenesta.....	20
4.3. Sosial- og barneverntenesta	21
4.4. Pleie- og omsorgstenesta	22
5. OPPVEKST OG OPPLÆRING	23
5.1. Generelt	23
5.2. Barnehage	24
5.3. Grunnskulen.....	24
5.4. Kulturskulen	25
5.5. Spesialpedagogiske tiltak for born og vaksne	26
5.6. Vidaregåande opplæring og høgskuleutdanning.....	27
5.7. Nærmiljø.....	27
6. KULTUR OG FRITID	29
6.1. Generelt	29
6.2. Bibliotek	29
6.3. Kulturvern.....	30
6.4. Kunst og kulturformidling	31
6.5. Barne- og ungdomsarbeid.....	32
6.6. Kulturbygg og anlegg for idrett og friluftsliv	32
7. AREAL OG MILJØ	34
7.1. Arealplan	34
7.2. Miljø- og naturforvaltning	34
7.3. Forureining, renovasjon og avfallshandsaming	37
8. KOMMUNALTEKNISK DRIFT.....	39
8.1. Generelt	39
8.2. Vegar, bruer, vegljøs, trafikktryggleik.....	39
8.3. Vassforsyning	39
8.4. Avlaup og reinseanlegg	40
8.5. Renovasjon og avfallshandsaming.....	40
8.6. Kommunale bygg og eigedomar.....	41
8.7. Parkar og grøntområde	41
8.8. Brann- og redningstenesta	41
9. AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN	43
9.1. Generelt	43
9.2. Plankart.....	44
9.3. Utfyllande planføresegner	45
9.4. Retningslinjer.....	46
9.5. Planvedtak	47
10. VEDLEGG	47

FØREORD.

Jondal kommunestyre har tidlegare vedteke arealplan som delplan av kommuneplan for perioden 1994 til år 2003. Jondal kommune har ikkje tidlegare handsama ein samla tekstdel til kommuneplanen. Sektordelar av kommuneplanen har vore vedteke til ulike tider, men ikkje vorte samla til ein heilhetleg og samordna kommuneplan sidan generalplanen frå 19??.

Planen skal rullerast minst ein gong i kvar valperiode, slik at det no vert ein plan for perioden 2004-2015.

Plannemnda (formannskapet) har hatt ei målsetjinga om at kommuneplanen skal utformast slik at han er kortfatta og informativ, slik at han vert lett å lesa og bruka. Som eit resultat av dette, vil sikkert nokon etterlysa meir detaljerte opplysningar innan sitt emne- og interessefelt. Slike opplysningar vil ein finna att i kommunedelplanar og einingsplanar eller verksemdsplanar. Kommunedelplanar gjeld innanfor avgrensa temaområde. Slike planar vil og ha sitt utgangspunkt i kommuneplanen.

I tillegg til kommuneplanen skal det utarbeidast ein handlingsplan (økonorniplan) som ein kortsiktig del og eit årleg budsjett. Einingsplanar, økonomiplan og årsbudsjett skal handsamast kvart år, og skal gje eit oversyn over dei tiltaka som kan og bør verta gjennomførde i komande 4-års periode og det nærmaste året.

Kommuneplanen byggjer på ein føresetnad om at Jondalstunnelen vert bygd i løpet av planperioden. Om det ikkje skjer, må nye perspektiv leggjast inn i planen ved neste rullering. Det same gjeld for spørsmål om kommunesamanslåing. Planen byggjer på føresetnad om auka samhandling og samarbeid mellom nabokommunane.

Kommuneplanen sine verknader og bindingar.

Dei viktigaste verknader og bindingar i kommuneplanen vil etter lov vera;

- Arealdelen har direkte rettsverknad for arealbruken. Det er samstundes høve til å knyta ulike føresegrer til denne delen.
- Sakshandsamingsreglar der det vert lagt opp til auka informasjon, samordning/ samarbeid med ulike styresmakter og auka medverknad frå ålmenta.
- Kommunestyret sitt vedtak om kommuneplan med arealdel er endeleg om han ikkje er i strid med fylkeskommunal og/ eller statlege faginstansar sine merknader.

Føremålet med kommuneplanen.

Kommuneplanen skal vera eit reiskap for administrasjonen og dei folkevalde i kommunen. Han skal gje betre grunnlag for politisk styring av utvikling og utnytting av ressursane kommunen. Han skal fastsetje rammer for detaljstyring og for kvar einskild avgjerd, slik at arbeidet i kommunen kan styrast utifrå felles målsetjingar.

Kommuneplanen skal gje innbyggjarane grunnlag til å påverka sin eigen livssituasjon og gje betre grunnlag for styringa av kommunen. Fokus skal liggja på innbyggjarane sine aktivitetar der kommunen gjev rammer og moglegheit for innsats.

Mål og delmål i kommuneplanen skal vere eit bindeledd til arbeidet med mål og tiltak i kommunedelplanar, einingsplanar/ handlingsplanar, økonomiplan og årsbudsjett. På denne måten vil ein få ein kontinuerleg prosess i planlegginga og samanheng i planarbeidet.

Korleis planen er bygd opp.

Kommuneplanen omfattar ein langsiktig del for perioden 2004-2015; med samla arealdel, strategiske satsingsområde med mål og delmål innafor kvart planområde, bygd på føresetnader og fakta ut frå nosituasjonen.

Med utgangspunkt i mål og tiltak i den langsiktige delen skal det utarbeidast einingsplanar (tidlegare sektorplan) med tiltak med fire års framskriving.

Den langsiktige tekstdelen (mål og tiltak) og arealdelen med 12 års framskriving vert rullert kvart fjerde år, medan einingsplanar med fire års framskriving vert rullerte kvart år.

Den langsiktige delen av kommuneplanen er bygd opp slik:

HOVUDMÅL	Kap. 1	Grunnlag og målsetjingar
BAKGRUNN	2	Naturgrunnlag, folketal, busetnad
TILTAK	3	Næringsliv og sysselsetjing
	4	Helsevern og sosiale tenester
	5	Oppvekst og opplæring
	6	Kultur og fritid
	7	Areal og miljø
	8	Kommunalteknikk, kommunale bygg og anlegg.
AREALDISPONERING	9	Arealdelen av kommuneplanen

Vedtekne kommunedelplanar vert lagt som vedlegg til kommuneplanen.

Ved planlegging av fysiske inngrep skal det alltid gjennomførast tryggingsevurdering (ROS-analyse).

Anna relevant planverk.

Kommuneplanen for Jondal inngår i ein større samanheng med ulike planar på kommunalt og regionalt nivå som kommunen må tilpassa sine planar til. Det er lagt vekt på å unngå konflikt med anna planverk som får verknad i Jondal kommune.

Døme på slike planar er:

- Fylkesplan for Hordaland 2001-2004
- Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland 2001-04.
- Fylkesdelplan Energi for Hordaland 2001-2012.
- Fylkesdelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, Hordaland fylkeskommune
- Samferdsleplan for Hardanger 2006-2015.

Vedtak:

Jondal kommunestyre gjorde 10.06.2004 slikt vedtak i K.sak 61/04:

1. GRUNNLAG OG MÅLSETJINGAR.

1.1. Dei grunnleggjande kjenneteikna ved eit godt lokalsamfunn!

I samband med kommuneplanarbeidet har alle husstandar i Jondal fått høve til å gje innspel ved at alle er inviterte til å delta på bygdemøte og dela meiningar med dei som skal stå for arbeidet med rulleringa av kommuneplanen for Jondal

KULTUR, AKTIVITET, SAMARBEID.

Dei fleste som ser på oss frå utsida vil merka seg kva innbyggjarane sjølve meiner og seier om sitt eige lokalsamfunn. Ein positiv omtale av det samfunnet ein sjølv er ein del av, vil vera kjenneteikn på eit godt lokalmiljø, der ein er meir oppteken av å framheva og utvikla det positive enn å leita etter det som er mindre bra.

Eit romsleg syn på våre medmenneske, toleranse og aksept for at grupper og einskildpersonar kan ha eit anna syn og andre meiningar enn det ein sjølv har er sentrale kjennemerke på eit trivselsfremjande miljø.

Ein slik grunnleggjande positiv haldning til eige lokalsamfunn er viktig å overføra til born og unge.

Dugnadsånd og samarbeidstiltak der mange er med er teikn på eit godt lokalsamfunn. Dette går på viljen til å vera meir deltakar enn tilskodar i dei mange fellesoppgåvene som må løysast. I eit velfungerande lokalsamfunn vert det løyst mange oppgåver med stor fellesinnsats frå grupper og einskildpersonar. Slik fellesinnsats er av stor verdi både for den einskilde deltakar og for samfunnet.

Gode møtestader er teikn på eit godt lokalmiljø. Eit kulturtilbod for alle aldersgrupper, aktive organisasjonar og lag som femner om mange ulike interesser og føremål. Aktivitetar der mange deltek t.d. innan song, musikk og teater er særleg viktige for å skapa eit godt lokalmiljø.

Sjølve grunnlaget for det gode lokalsamfunnet er omsynet til å ivareta medmenneske i alle fasar av livet:

- gode oppvekstvilkår for barn og unge
- god helseteneste
- sosialt nettverk
- tryggleik, hjelp og omsorg for gamle og sjuke.
-
- På bygdemøta kom det fram synspunkt som støtta opp under ei slik tenking:
- Me må byggja på vårt særpreg i arbeidet for å skapa vekst og auka trivsel.
- Me er rike på historie og tradisjonar, me saknar eit historielag.
- Me må marknadsføra betre alle verdiane me faktisk har.
- Me må satsa endå meir på kunst og kultur. Ei bygd med aktivt kulturliv døyr aldri !
- Me må arbeida meir med trivselstiltak, finna gode samarbeidsordningar mellom kommunen og private lag og organisasjonar.
- Me må laga gode møteplassar for born, unge og vaksne.

TRYGGLEIK, TRIVSEL

Eit anna viktig kjenneteikn på gode lokalsamfunn er at innbyggjarane kjenner seg trygge i kvardagen, at alle kjenner seg heime og som del av ein fellesskap, der tradisjonar og særpreg vert verdsette og haldne vedlike, utan at utviklinga i samfunnet stagnerer. Mange utsegner på bygdemøta viser at innbyggjarane våre er opptekne av dette:

- Haldningar er viktige. Er me romslege i forhold til kvarandre ? Flaggar me når det går godt for naboen ?
- Me må ta utgangspunkt i oss sjølve og vår kultur som skal berast vidare, ikkje eit bysamfunn i miniatyr.
- Me må få ungdommen tilbake.
- Omdømmet ute vert skapt ut frå korleis me tek imot folk.

BUSETTING, HUS OG HYTTER

I det gode lokalsamfunnet skjer det ei utvikling. Det vert bygt nye hus, vegar og andre anlegg, og det er velstelt og fint på både offentlege anlegg og private eigedommar. Dette vitnar om at innbyggjarane er stolte av heimstaden sin og har tru på framtida. I utviklinga vert det lagt vekt på eit trygt og godt fysisk miljø, t.d. trygge trafikkløysingar, og vern om natur og kulturminne. Vidare respekt og omtanke for dyr og alt som lever i naturen.

Likevel er mange lokalsamfunn i dag prega av nedgang i folketalet og sentralisering av verksemd og aktivitet til større tettstader og byområder. Det synest som om denne utviklinga går med aukande tempo, og at det er vanskeleg å finna gode tiltak for å snu trenden. Samstundes opplever byområda aukande trafikkproblem, meir forureining, vald og kriminalitet. Mange innbyggjarar kjenner seg utrygge, og oppvekstvilkåra for barn og ungdom er ikkje alle stader gode.

Det må vera ei prioritert oppgåve for både lokale og sentrale styresmakter å finna tiltak for å bremsa den sentraliseringa som skjer, slik at me kan oppretthalde fleire av dei mindre lokalsamfunna og redusera problema i byar og større tettstader. På bygdemøta var mange opptekne av desse problemstillingane:

- Det er viktig å få opp talet på innbyggjarar.
- Me må finna grep for å få folk tilbake.
- Korleis kan dei med høg utdanning utføra sitt arbeid og bu i vår kommune ?
- Det er viktig at det bur nokon i husa !
- Tiltaket med ungdomsbustader er positivt !
- Me må tenkja nye bustadfelt.
- Kommunen må ha fleire utleigebustader.
- Med Jondalstunnel vil Jondal kommune verta eit attraktivt bustadområde.
- På bygdemøta kom det fram eit nokså delt syn på spørsmål om hyttebygging. Dette må oppfattast positivt og legg grunnlaget for ein fruktbar debatt framover. Eit knippe av synspunkt viser meiningsbreidda.
- Jondal er ein "feriekoloni". Det skaper næring og aktivitet.
- Kvifor ikkje satsa på dei som har hytte ? Det er ei utvikling i retning av at mange vinteriserer hyttene sine og bur der store deler av året.
- Skal me oppretthalde eit servicenivå, då treng me sårt til alle monnar som drar. Få gjerne hytter hit. Vi er interesserte i midlar og verdiskaping til bygda.
- Hyttebygging er viktig som grunnlag for butikkar og andre tenester. Dei med hytte genererer pengar i bygda.
- Me må motverka at heilårsbustader vert fritidsbustader.
- Me får lett konflikt mellom fritidsbusetnad og næringsutvikling.
- Bygging av bustader til fastbuande må komma før hyttebygging.

Mange er opptekne av kommunesenteret utan at det skal redusera verdien av velstelte bygder elles i kommunen. Kommunesenteret er på mange vis vårt felles ansikt mot omverda og difor tek mange opp forslag til forbetringar.

Kommunesenteret har mange kvalitetar, men det kan klart gjerast mange ting for å auka trivselen for både fastbuande og dei som vitjar oss.

ARBEID, NÆRING

I eit velfungerande lokalsamfunn er det viktig at alle har sine oppgåver å utføra, at det er bruk for alle.

Det handlar om arbeidsplass og leveveg, men også oppgåver og oppdrag for dei som er i tida før og etter sitt yrkesaktive liv, og oppgåver for dei som av andre grunnar ikkje kan delta i det vanlege arbeidslivet.

Frivillig innsats for lokalsamfunnet må verdsetjast høgt.

I Jondal kommune har primærnæringane tradisjonelt vore ein berebjelke og ei viktig plattform for bustadmønsteret i kommunen.

Nasjonale og internasjonale politikk som styrer handelen mellom landa i verda er i ferd med å leggja nye rammevilkår som vil ramma tradisjonelle distriktsnæringar og tvinga fram omfattande omleggingar i jordbruk, skogbruk og fiske.

Det vert ei stor utfordring å møta denne utviklinga med kreativitet og ei offensiv innstilling.

Det er viktig å ta vare på eksisterande verksemdar og vera med å tilretteleggja for utvikling og knoppskyting der det er mogeleg.

Reiseliv/turisme har vore eit satsingsområde, men her har me ikkje greidd å ta ut det potensialet me har.

Bygdemøta viser at mange er engasjerte i tankar rundt framtidig leveveg for innbyggjarane i vår kommune:

- Bu- og driveplikta må handhevast strengt.
- Me må ta vare på heiltidsbøndene.
- Me må auka produksjonen i landbruket og oppretthalda arealet.
- Om jordbruket skal oppretthaldast, må me sjå på samdrift.
- Kva med kulturlandskapet når bonden legg ned ?
- Me må få eit tett samarbeid mellom kommunen og det lokale næringslivet.
- Det lokale næringslivet må samsnakkast og ta felles initiativ overfor kommunen.
- Det er viktig at Jondal vert knytt til breibandnettet.
- Det lokale næringslivet må få gode/rette rammevilkår.
- Det må tilretteleggjast næringsareal fleire stader i kommunen.
- Me må ha betre informasjon om det lokale næringslivet i grunnskulen.
- Folgefonna er eit viktig aktivum for utvikling av tilleggsnæringar i jordbruket og utvikling av reiselivet i kommunen.
- Offentlege badeplassar og rasteplassar i vår kommune må vera velstelte og sjå innbydande ut. Dei er ein del av vårt ansikt.
- Det må gjerast meir med vegen til Fonna. Standard, tryggleik og miljøet langs vegen treng oppgradering.

SAMFERDSLE

For at eit lokalsamfunn skal fungera godt og ha ei optimistisk haldning og tru på framtida, må ein del viktige rammevilkår leggjast til rette frå storsamfunnet.

Utbygging av kommunikasjonar er difor viktig for å motverka stagnasjon og avfolking av utkantområda. Det må byggjast fysiske vegar og teknologiske høgfaringsvegar slik at heile landet vert med i utviklinga på like vilkår. Det vil gjera nasjonen meir robust og tevlingssterk i framtida.

På bygdemøta var samferdsel eit sentralt tema:

- Jondalstunnelen er viktig for heile Hardanger.
- Med tunnel vert mykje snudd på hovudet med nye utfordringar og moglegheiter.
- Med tunnel kan unge bu heime og utdanna seg. Jondal vert ein del av eit område på 30000 menneske med arbeidsmarknad og utdanningsmoglegheiter.
- Jondal vert ein attraktiv stad å bu med tunnel.
- Vegen Herand - Utne må oppgraderast til 10 tonn akseltrykk slik at turistbussar kan køyra han.
- Kveldsferjene stoppar for tidleg i sambandet Jondal-Tørvikbygd. Ferjesambandet bør ha trafikk til kl. 2400.

TENESTER

Eit godt lokalsamfunn må innehalda dei funksjonar som det er viktig å ha nær tilgang til, t.d. helse- og omsorgstenester, skule, barnehage, kyrkje, samfunnshus og eit rimeleg tilbod av varer og andre tenester.

Det er som produsent og tilbydar/tilretteleggjar av mange av desse tenestene kommunen har si viktigaste oppgåve.

Geografi og busetnad i vårt land er slik at ikkje alle kan bu i gangavstand til slike tilbod og funksjonar.

Retninga i den nasjonale politikken i høve til kommunane og distrikta er slik at dei fleste kommunar framover må vurdere organiseringa av dei fleste tenesteområda med sikte på å få ned kostnadene.

I utgangspunktet skal lokalsamfunnet i stor grad råda over eigne ressursar, og innbyggjarane skal ha innverknad på å styra utviklinga i eige samfunn.

Det er viktig at den einskilde engasjerer seg i aktuelle spørsmål i lokalsamfunnet.

Eit aktuelt spørsmål opp i det heile kan varta at heile kommunestrukturen i Hardanger vert lagt under lupa, og spørsmålet om gode tenester til innbyggjarane til ein kostnad me kan leva med vil driva utviklinga.

På bygdemøta kom det fram mange ynskje og innspel:

- Det er viktig å ta vare på dei fastbuande, og spesielt på dei unge familiane.
- Barnehagen må ha ope også i ferie og skulefri.
- Vil halda på skulen i Herand og på Kysnes.
- Lite er godt, men for lite skulemiljø vil redusera kvaliteten på det pedagogiske.
- Kommunen er for liten og blir for liten. Med tunnelen kjem kommunesamanslåing, det er bra.

1.2. Overordna mål for Jondal

Jondal kommune skal vera ein romsleg og inkluderande kommune som vil leggja til rette for levande bygder med plass til alle gjennom ein aktiv kulturpolitikk, trua på enkeltmenneske og det private initiativ.

Jondal kommune vedtek å leggja Fredrikstaderklæringa om lokalsamfunnet sin innsats for berekraftig samfunnsutvikling til grunn for arbeidet i kommunen.

- **Jondal skal ha ei berekraftig samfunnsutvikling som sikrar livskvalitet og livsgrunnlag både i dag og for komande generasjonar.**
- **Aktivitetane i Jondal skal skje innanfor naturen si bereevne. Me ynskjer å tilpassa ressursbruken og miljøbelastninga til det.**
- **Ålmenta i Jondal skal sikrast høve til aktiv deltaking, medansvar og medstyring.**
- **Jondal skal vera ein kommune som har kvalitativt gode tilbod i arbeid og fritid, og ut ifrå dette vera ein attraktiv stad å leva og bu.**

1.3. Plangrunnlag

Gjennom kommunelova og plan- og bygningslova er kommunane pålagde å utføra eit kontinuerleg planarbeid med sikte på å samordna den fysiske, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga i kommunane.

Grunnlaget for kommunal planlegging er lagt i nasjonal politikk. Regjeringa har gjennom rundskriv T-2/98 samordna statlege styringssignal. Grunnprinsippa staten legg til grunn er:

- desentralisering av planvedtak
- folkevald styring
- medverknad frå allmenta
- samarbeid mellom styresmakter

Desse prinsipp er saman med oppmodinga frå FN sin konferanse om miljø og utvikling i Rio 1992 lagt til grunn for overordna mål for samfunnsutviklinga.

1.4. Fredrikstaderklæringa

Landskonferansen i Fredrikstad 9-11.februar 1998 utforma ei kommunal oppfølging av Rio-konferansen for å sikra ei berekraftig utvikling i kommunane. Denne "Fredrikstaderklæringa" vert lagt til grunn for alt planarbeid i Jondal kommune.

Fredrikstaderklæringa

Ein invitasjon frå landskonferansen 9. –11. Februar 1998 i Fredrikstad om lokalsamfunnet sin innsats for ei berekraftig samfunnsutvikling.

I Me er

Kommunar, fylkeskommunar og organisasjonar som vil ta ansvar for at norske lokalsamfunn medverkar til ei berekraftig samfunnsutvikling og som derfor sluttar oss til denne erklæringa.

II Målet vårt er

A) ei berekraftig samfunnsutvikling som sikrar livskvalitet og livsgrunnlag både i dag og for komande generasjonar.

H) at aktivitetane i lokalsamfunna våre skjer innanfor naturen si bereevne både lokalt og globalt og at me difor ønskjer å redusera ressursbruken og miljøpresset.

III Utgangspunktet vårt er

A) oppfordringa frå FN sin miljøkonferanse i Rio i 1992 til lokale styresmakter om å mobilisere eigne innbyggjarar i organisasjonar og næringsliv gjennom lokale handlingsplanar for ei berekraftig utvikling (lokal Agenda 21).

B) at lokale styresmakter må ta ansvar for å engasjera innbyggjarane i dette arbeidet og sikra aktiv deltaking, medansvar og medbestemming.

C) at lokalsamfunn har em nøkkelrolle i å verkeleggjere ei berekraftig utvikling og at miljø- og utviklingsspørsmål vert handterte best ved deltaking frå dei som dette direkte vedkjem.

D) at utfordringa frå Rio også kan hjelpa til med å fornya lokaldemokratiet i Noreg.

IV Me vil

A) mobilisere innbyggjarane, organisasjonane og partane i arbeidslivet til aktiv medverknad i lokal Agenda 21 –prosessar og etablera eigna møteplassar og nettverk.

B) leggja til grunn at arbeidet for ei berekraftig utvikling er eit ansvar for alle samfunnssektorane.

C) sikra at arbeidet for berekraftig utvikling vert prega av langsiktig planlegging, systematikk og ønskje om kontinuerleg forbetring.

D) gjera kommune- og fylkesplanlegging og andre styrings- og rapporteringsdokument til praktiske og forpliktande verkty i arbeidet for ei berekraftig samfunnsutvikling.

E) følgja opp lokalsamfunnet sitt arbeid knytt til berekraftig utvikling til dømes ved bruk av miljøindikatorar.

F) arbeida for cm open dialog og samhandling mellom kommunar, fylkeskommunar og statlege styresmakter for å sikra eit samspel mellom lokale, regionale og nasjonale interesser.

V Me vil særleg retta innsatsen mot å

A) skapa medviten forståing om trongen for å ta miljøomsyn i alt forbruk og all produksjon.

B) gjera det klart kva tenkinga om krinslaupet i naturen inneber for eige lokalsamfunn.

- C) hushaldera betre med energi og gå over frå fossile til alternative energikjelder som kan fornyast.*
- D) utvikla lokale utbyggingsmønster, spesielt i byar og tettstader, som reduserer trongen for bilbruk og forbruk av areal.*
- E) sikra ei lokal ressursforvaltning som både tar vare på det biologiske mangfaldet og gjev grunnlag for livskraftige lokalsamfunn.*
- F) synleggjere samanhangen mellom helse, miljø og trivsel.*
- G) finna fram til korleis me kan innretta vår eiga gjerning for å gå føre i arbeidet for å redusera ressursbruken og presset på miljøet.*
- H) gje miljøarbeidet eit globalt perspektiv gjennom samhandling med menneske frå andre land og kulturar.*
- I) ta vare på kulturminne og kulturmiljø som ein del av identiteten og miljøet vårt.*

VI Me oppmodar

- A) andre lokalsamfunn til å slutta seg til denne erklæring i løpet av 1998.*
- B) statlege styresmakter til elt samarbeid på dette grunnlaget.*
- C) kvarandre til å møtast i år 2000 for å rapportera om arbeidet i eige lokalsamfunn og for å vurdera om denne erklæringa bør reviderast.*

2. NATURGRUNNLAG, FOLKETAL, Busetnad.

2.1. Geografi og topografi.

Jondal kommune ligg på den nordvestre delen av Folgefonnhalvøya, midt i Hordaland fylke. Jondal kommune ligg midt i Hardanger med grense til Ullensvang herad i nord-aust og Kvinnherad herad mot sør.

Arealfordeling.

Arealfordeling etter høgd over havet, i %				
Under 300m	300-600m	600-900m	Over 900m	Samla areal i km ²
19,6	26,3	26,4	27,7	208,4

Arealet til Jondal kommune er på 208,4 km².

Arealet fordeler seg jamt frå kystsona og opp til høgfjellet mot aust der kommunen har bygd veg heilt opp til Folgefonna.

Av dette er 5,2 km² jordbruksareal skikka til fulldyrking og 39,0 km² drivbar skog.

Av kommunearealet er 120,9 km² snaumark, myr og fjellvidde over skoggrense.

Kommunen har 200 ferskvatn, 9,4 km² og 3,8 km² evig is og snø.

Kommunen har 9 øyar i saltvatn på til sammen 0,15 km².

Høgaste fjellet i Jondal er Saksaklepp	1.490 m.
Høgste punkt på Folgefonna	1.650 m.

Hovuddalføra i Jondal går aust - vest. Det største og viktigaste av desse er Krossdalen.

Krossdalen er busett til Brattabø, 360 m.o.h.

Langs elva i Krossdalen er ein del flatland, men elles er arealet i kommunen kupert og brattlendt.

Det meste av busetnaden i kommunen ligg langs Hardangerfjorden med Kvam herad over på den andre sida av fjorden.

0,7 km² (eller 0,3%) av arealet i Jondal vert rekna som tettstadareal.

Den vekslande topografien er med og skapar ein attraktiv natur. Her er isbrear, storslåtte fjell og fjellvidder, fjelldalar og fiskevatn, variert skogsterreng og ei sær fin strand mot Hardangerfjorden

2.1.1. Berggrunn og lausmassar.

Berggrunn.

Storparten av Folgefonnhalvøya er gneis og granitt som er harde og lite forvitrelege bergartar. Serleg i sørvestlege delen av Jondal er fjellgrunnen tungforvitreleg og næringsfattig. I nordaust er det store variasjonar i bergarten. Området er geologisk interessant. Av yngre bergartar finn ein fylitt under skyvedekka av gneis ved Jonahorn, Skorpo og Sandven.

I området kring Jonahorn er det store mengder hellegneis. Ein viser til vedlagt tverrsnitt av Jonahorn utarbeidd av geolog T. Torske. Av gneisen som er samansett av kvarts, feltspat og glimmer, får ein ekstra god kvalitet på hellene. Hellene er svært slitesterke og er lette å arbeida med.

I Mælen i Herand er det kiselgruver. Gruvene var i drift til 1925, men vart nedlagde på grunn av økonomiske vanskar.

Ved Vassendevatnet og fleire stader i Krossdalen er det gamle klebersteingruver. Men i nyare tid har det ikkje vore drift her.

På Torsnes er det granitt. Før fyrste verdskrig vart det sett i gang eksport av granitt til England, men på grunn av stor auke i fraktene i 1914 vart det slutt med denne drifta.

Berggrunnen består av sure, harde og langsamt forvitrande gneishaldige bergarter grunnfjell - harde bergarter:

Lausmassar.

Lausavleiringane i Jondal er frå siste del av siste istid og tida etter (10-15.000 år sidan).

Vi finn morenejord, iselvs- og elvavsetningar og rasjord i dalane. Forvittringsjord er det mest av i Herand. Myrjord finst over heile kommunen, men mest i dalføre og i høgareliggjande strøk. Serleg i Øvre Krossdalen er mykje samanhengande myr som skapar godt grunnlag for grasdyrking.

Sand- og grustak av god kvalitet er det mest ikkje . mindre grustak til lokalt bruk finn ein ved Holmane (i Krossdalen), på Svåsand og i Torsnesdalen.

2.1.2. Klima.

Jondal ligg i den tempererte klimasona. Klimaet er oseanisk, dvs. sterkt påverka av luftstraumar frå havet. Årsnormalen for temperatur ligg på 7,0° C, på 1,3° C. For sumarmånadene juni-august er middeltemperaturen 14,6°.

Det er store variasjonar i nedbøren frå år til år. Den nedbørrikaste tida er september/ oktober og november. Ved målestasjonen i Øvre Krossdalen har gjennomsnittsnedbøren frå 1966 vore på kring 1855 mm.

Sørvestre delen av Jondal (Kysnesstrand) kjem inn i regnbeltet som går gjennom Midtre Hordaland. Omastrand ligg rett over fjorden med ein nedbørnormal på om lag 2360 mm. Nedbøren avtek innover fjorden.

Elles i Jondal er typisk vestlandsklima. Vintrane er milde. Det er stor variasjon i nedbøren med nedbørstoppar om hausten. Temperaturen er gunstig for hagebruk/ fruktdyrking.

2.2. Demografi og busetnad.

2.2.1. Folketalsutvikling.

Folketalet i Jondal var på topp år 1900 (omrekna til nye kommunegrensar). Folketalet var då på 2.143. Sidan har folketalet minka; i 1950 budde det 1.620 i kommunen, i 1960 1.340.

Folketalsutvikling pr 01.01.2002.

Årstal	1970	1980	1990	1995	2000	2001	2002
Antal	1 268	1 273	1 267	1 209	1 151	1 141	1 112
Endring %		+0,39	-0,47	-4,58	-4,80	-0,87	-2,54

Etter ein periode med stabilitet i folketalet frå 1970 til 1990, går folketalet jamt ned.

Folketal etter alder pr 01.01.2002.

0-5 år	6-12 år	13-15 år	16-19 år	20-39 år	40-66 år	67-79 år	80+ år	I alt
69	110	42	63	273	372	117	102	1 112

Folketalet fordelt etter alder viser at det er svært mange pensjonistar og eldre over 80 år i kommunen. Jondal ligg heilt i toppen i Hordaland i høve til det relative antall av eldre.

Folketalsframskriving 2003-2020 (SSB 2003 tabell 9.12 - middels nasjonal vekst)

År	0-19 år	20-66 år	67-79 år	80+ år	I alt
2002	284	609	117	112	1112
2005	270	616	115	94	1095
2010	267	612	106	81	1066
2015	250	599	135	67	1051
2020	261	564	172	55	1052

Folketalframskrivinga til SSB viser at nedgangen i folketalet vil fortsette i Jondal. Befolkninga vil vere relativt stabil dei næraste 15 åra, men med ein mindre nedgang av folk i alderen 20-66 år og ein kraftig nedgang av eldre over 80 år.

Dersom folketalet i kommunen skal auka, må det skje gjennom netto innflytting.

Etter levekårsindeksen for 2001, ligg Jondal på 6.plass av kommunane i Hordaland for menn (12,0), og på 2.plass for kvinnene (7,3). Levekårsindeksen er basert på ei samling av statistikk for levekårsproblem (arbeidsledige, uføretrygda, sosialhjelp mv). Jondal kommune er etter dette ein av dei beste kommunane i Hordaland å leva og å bu i.

2.2.2 Busetnad:

Jondal er prega av spreitt busetnad langs Hardangerfjorden og opp mot Folgefonna til Krossdalen.

Det er registrert 517 bustader i Jondal. 92,8% av desse er einebustader. 39,6% av bustadene er bygde får 1945. Tyngda av bustadbygging skjer i regulerte bustadfelt.

I folketeljinga 2001 vart det registrert 429 frittliggjande einebustader eller våningshus på gard. 1027 av 1110 personar budde i slik frittliggjande einebustad.

I tillegg har kommunen 383 fritidsbygg (hytter og sumarhus). I prosent av heilårs bustad vert det 77,8%.

2.2.3. Bustadbygging.

Bustadfelt med ledige tomter finst mellom anna i nærleiken av Jondal sentrum, i Herand og på Kysnes.

Utviklinga av fullførte bustader 1993-2001

1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	I alt
8	2	1	2	7	8	8	3	5	5

3. NÆRINGSLIV OG SYSSELSETJING.

Arbeid med å tilretteleggja gode utviklingsmogelegheiter for eit variert næringsliv som kan gje sysselsetjing til innbyggjarne er ei svært viktig oppgåve for politikarar og administrasjon i utkantkommunane. Jondal kommune er ikkje noko unntak.

I vår kommune er det ordførar, rådmann og jordbrukssjef som er tillagt hovudansvaret for oppfylgjing av næringsutviklinga. Dei viktigaste verkemidla kommunen har, er ein strategisk næringsplan (planen treng rullering), eit næringsfond og tilgang til ein profesjonell næringsarbeidar gjennom Hardangerrådet.

3.1. Utvikling innan ulike næringar og sysselsetjing.

Sysselsetting etter sektorgrupper.

Arbeidsplassar	Jondal	Eidfjord	Ulvik	Granvin
Jordbruk , skogbruk og fiske	64	12	71	52
Industri, bergverk og oljeutv.	42	28	30	85
Bygg og anlegg. Kraftfors.	26	58	48	55
Handel, transport, hotell, rest.	69	56	104	75
Bank, privat tenesteyting	33	25	31	29
Offentleg tenesteyting	228	188	207	115
I alt	462	367	491	411
Arbeidsplassar i %				
Jordbruk , skogbruk og fiske	13,9	3,3	14,5	12,7
Industri, bergverk og oljeutv.	9,1	7,6	6,1	20,7
Bygg og anlegg. Kraftfors.	5,6	15,8	9,8	13,4
Handel, transport, hotell, rest.	14,9	15,3	21,2	18,2
Bank, privat tenesteyting	7,1	6,8	6,3	7,1
Offentleg tenesteyting	49,4	51,2	42,2	28,0
I alt	100	100	100	100

Kjelde. Fylkesstatistikk Hordaland 2002

3.2. Utfordringar

Utkantkommunane er i dag utsett for kanskje den største sentraliseringa nokon sinne. Primærnæringsane har over lang tid hatt høge effektivitetskrav, og dei sysselset stadig færre personar i vår kommune. IKT- utviklinga som skulle gjera utkantkommunane konkurransedyktige med byane, har så langt stort sett ført til nedbemanning og sentralisering av både statlege og private arbeidsplassar. Utfordringane innan næringsutvikling er mange, men vanskelege.

- Marknadsføra kvalitetane med å bu og arbeida i vår kommune
- Skapa gode og trygge oppvekstvilkår for born og unge slik at dei får lyst til å etablera seg i heimekommunen etter å ha skaffa seg utdanning/arbeidserfaring.
- Ta vare på og hjelpa personar med etablerarhaldningar.
- Ha god kontakt med det etablerte næringslivet.
- Vera pådrivar og medspelar i utviklinga av betre infrastruktur inkludert effektive datanett.

3.3. Tiltaksarbeid

Aktuelt.

Det kommunale tiltaksarbeidet må ha som mål å vera medhjelparar og tilretteleggjarar for eksisterande næringar og etablerarar. Kommunen verken kan eller skal vera hovudmotoren i næringsutviklinga, men vera ein viktig tilretteleggjar som er oppteken av behovet til

næringslivet. Både politikarane og administrasjonen må vera lyttande og løysingsorientert i høve til dei behov næringsdrivande og etablerarar har.

Visjon

Nok varierte og trygge arbeidsplassar til å stoppa folketalsnedgangen i kommunen vår.

Mål

I Jondal skal me saman utvikla eit lønsamt næringsliv og eit godt tenestetilbod. Utviklinga skal ta omsyn til miljø og lokale føresetnader.

Satsingsområde:

I den strategiske næringsplanen har me hatt 3 satsingsområde:

- Utvikla reiselivet med Folgefonna og sommarskiserer som hovudtrekkplaster.
- Utnytta dei gode moglegeheitene som fjorden gjev til oppdrett og havbruk.
- Utnytta stein- og skiferførekomstane til å skapa trygge arbeidsplassar.

Sjølv om det har skjedd positiv utvikling på alle desse satsingsområde, er det store utviklingspotensiale att enno. Spesielt kan mykje gjerast innanfor reiseliv.

Innan IKT har me hatt ei positiv utvikling som me bør byggja vidare på. Me har 2 små stabile IKT bedrifter og folkebiblioteket og skulen har teke i bruk eit nytt datarom som er ope for publikum og arena for opplæring. Jondal Energiverk saman med andre breibandleverandørar gjev i desse dagar (2002) tilbod om breibandtilknytning til bedrifter og private.

Kommunen sitt nye satsingsområde.

- IKT- baserte arbeidsplassar.

3.3.1 IKT - baserte arbeidsplassar.

Mål

- Auka IKT - kompetanse hjå alle innbyggjarane med spesiell satsing på grunnskuleelevane.
- 10 nye IKT - baserte arbeidsplassar innan 2007.

Tiltak

- Byggja ut tenleg breibandtilknytning i dei sentrale delane av kommunen innan 2003 og heile kommunen innan 2008.
- Regelmessige opplæringstilbod i datastova for ulike brukargrupper.

3.3.2 Vidareutvikla Jondal som ein attraktiv kommune å bu i.

Mål

Gode oppvekst- og opplæringstilbod til born og unge.

Varierte og aktuelle fritidstilbod for alle.

Attraktive og rimelege tomter.

Tiltak

Gje tilskot til lag og organisasjonar for å stimulera til eigeninnsats og dugnad for å utvikla fritidstilboda.

Alltid ha tilrettelagde kommunale tomter i dei 3 barneskulekrinsane våre.

3.4. Landbruk.

Aktuelt

Landbruk er ei viktig næring for Jondal kommune som me reknar står for ca. 15 % av sysselsetjinga i kommunen. Det som kjenneteiknar bruka er at dei er heller små og dei fleste brukarane har anna arbeid/ inntekt i tillegg til gardsdrifta. Men som grunnlag for busetjinga i kommunen, og rekrutering av arbeidskraft, er bruka viktige om dei er små. Det bur folk på dei fleste bruka om jorda kanskje vert hausta av andre.

Husdyrhald er dominerande, med mjølkeproduksjon som klart viktigaste driftsgreina. Men sauehaldet står og sterkt, særleg på dei mindre bruka, og det er gode fjellbeiter i kommunen. Fruktdyrkinga har gått attende i mange år, men dei som driv er dyktige og har moderne hagar. Når det gjeld skogbruket, er ikkje aktiviteten særleg stor for tida, grunna dårlege prisar på tømmer. Men det er etter kvart godt utbygd med skogsveggar, og dei største hogstmengdene dei seinare åra har vore plikthogst i samband med vegbygging.

Det har vore ei negativ inntektsutvikling i landbruket i fleire år. Prisane har ikkje auka i tråd med kostnadene. Overføringane frå staten er og mindre, og her har dei små bruka kome dårlegast ut. Dette har gjort at fleire småbruk har lagt ned drifta siste året. For dei som er att vert det stadig meir aktuelt å tenkja samarbeid og mogelege tilleggsnæringar/ nye næringar på bruket for å halde oppe innteka.

Statistikk:

Me har no 64 bruk som søker produksjonstillegg, ein nedgang på 10 siste året. Samla jordbruksareal i drift (dyrka jord og innmarksbeite) på desse bruka er ca 4700 da som gjev eit gjennomsnitt på rundt 70 da pr. bruk. Leigejord utgjer ca 25 – 30 %. Produktiv skog i kommunen er ca 53.000 da, av dette er rundt 40.000 da økonomisk drivbar skog. Årleg hogst burde vore 4000- 5000 kbm, medan det dei seinare åra har vorte avvirka 1000 – 2000 kbm. Særleg på dei mindre bruka der eigaren også kan vera busett utafor kommunen skjer det lite.

Mjølkeproduksjon har me på 30 bruk, og med 2 samdrifter er det 28 kvotar som i alt kan produsera 1.733.682 l mjølk i 2002. Dette gjev ein gjennomsnitt kvote på ca 62.000 liter. Kutalet er kring 340 kyr, i snitt 12 kyr pr buskap. Mjølke mengda har auka siste året då 9 produsentar kjøpte seg ekstra kvote.

Sauehald har me på om lag 40 bruk, og med ca. 1600 vinterfora sauer i kommunen vert gjennomsnitt på flokkane 40 dyr. Gode fjellbeiter, men sauetalet har gått attende.

Hønehald av noko storleik er det berre på eit bruk som har 2000 verpehønsar.

Det vert ikkje søkt produksjonstillegg for gris, medan me har 8-10 hestar i kommunen. Fruktarealet er om lag 130 da. På 6-8 bruk gjev fruktdyrking ei vesentleg inntekt.

Visjon

Landbruket nasjonalt er utsett for sterk strukturrasjonalisering. Årleg vert det lagt ned eit stort tal gardsbruk. Medan me no har om lag 60.000 gardsbruk i drift i landet, peikar prognosane på at dette talet kan verta halvert innan 15-20 år. Den viktigaste årsak til dette er rammevilkåra for næringa som vert vedtekna av Stortinget, der det er fleirtal for reduserte overføringar, og at matvarer til forbrukarane skal verta billigare.

Denne utviklinga vil me og merka i vår kommune, og det er begrensa kva me kan gjera lokalt for å motverka det. Kommunen har i svært mange år ytt tilskot til investeringar i landbruket. Ein ser det som viktig at dette vert ført vidare, slik at gardbrukarane ser at kommunen støttar opp om næringa. Kommunen må og stimulera til tilleggsnæringar i landbruket, og til nye samarbeidstiltak. Dette var sentrale punkt i prosjekt "Levande bygdesamfunn og Landbruket" som vart gjennomført sist år, og som peika på mange aktuelle alternativ.

Det er og svært viktig at det kjem nye folk på bruka ved generasjonsskifte, for å motverka vidare nedgang i folketalet i kommunen. Dette kan ei strengare handheving av bu-plikta bidra til. Men i tillegg er det viktig med trivsel og at folk likar seg i bygda, ikkje minst for at ungdomane skal få lyst til å slå seg ned på heimstaden. Her kan innsatsen som Bygdelaget har gjort i Herand stå som eit godt eksempel. Det er no skipa bygdelag på Kysnes, Torsnes, Jondal og Øvre Krossdalen og det er å håpa at desse kan bidra til positive tiltak.

Avslutningsvis vil vi nemna at det er bygt svært mange skogsveggar i kommunen dei siste 20 åra. Arbeid med nytt skogsvegssystem på Torsnes vert starta opp.

I slutten av planperioden vil ein kunna begynna å avverka i gran i dei eldste plantefelta som er planta frå 1950-åra og framover. Dette bør gje grunnlag for auka skogshogst og inntekter på mange bruk. Det er også ynskjeleg med større uttak av lauvskog med vidareforedling til ved. Viser elles til eigen Tiltaksplan for skogbruket.

Mål

- Oppretthalda og stimulera til drift på eit høgst mogeleg tal gardsbruk i kommunen.
- Auka verdiskapinga i landbruket.
- Tiltretteleggja for nyrekruttering på bruk for å sikra gardsbruka som buplasser og arbeidsplasser.

Tiltak

- Framleis kommunal støtte til investeringar i næringa.
- Stimulera til tilleggsnæringar / nye næringar på gardsbruk.
- Stimulera til samarbeidstiltak mellom gardsbruk.
- Auka avverking av skog- vidareforedling av ved.
- Handheva bu- og driveplikta strengare.
- Ha landbruksvikar i kommunen.
- Utarbeida landbruksplan for kommunen.

3.5. Samferdsle.

Statlege/fylkeskommunale vegar.

Aktuelt

All offentleg transport i Jondal ligg under fylkeskommunalt ansvarsområde og vert utført av HSD.

Jondal har buss til alle grendene 2 gonger om dag i vekedagane. Busstidene samsvarer med skulekøyring morgon og efta.

Det går buss til/ frå Odda 2 gonger pr dag.

Over fjorden går det ferje om lag kvar time frå kl 06:15 til kl 22:00. Overfarta tek 20 min.

Det er 2 drosjeløyve i Jondal og 2 løyve for turbilar.

Visjon

Med Jondalstunnelen vil transport gjennom Jondal auka kraftig då denne ruta vert kortaste veg på strekkja Bergen - Oslo. Ferjesambandet vert etter kvart utvida med avgangar kvart 30.min.

Behov for utviding av parkeringsplass til ferjekai må løysast.

Gjennomgåande bussamband til Bergen og Odda - Oslo vert etablert.

Ny skulestruktur i Jondal skapar behov for fleire turer med mindre bussar til bygdene.

Mål

Infrastrukturen for samferdsle vert tilpassa auken i samband mellom Jondal - Bergen, Jondal - Rosendal og Jondal - Odda/ Oslo.

Kommunale vegar:

I Jondal kommune er det om lag 34,0 km. kommunal veg, av dette er 22,5 km. med fast dekke av varierende standard.

Alle vegar utanom Anleggsvegen har ein standard lik tidlegare BKT 8, som gjev ei aksellast på 8 tonn om sommaren og 10 tonn om vinteren, alle vegar har lengd 12,4 meter. Anleggsvegen er av klasse 10 tonn og lengd 16 meter.

Mange av vegane er gamle og av ein standard som ikkje held dagens krav, dei vegar som er bygd etter 1980 har ein brukande standard, mens dei som er eldre og spesielt dei som er overtekne frå bygdelag og lignende, er av ein svært dårlegare standard.

Normalt vedlikehald vert delvis utført på vegane kvart år, men det er for det meste utgifter til brøyting som går med.

Kommunale bruer:

På dei kommunale vegane er det kun to bruer begge på same veg – til Molve. Jondal kommune har eit spesielt ansvar for at bruene er i forsvarleg stand, pr. dato finnes det ikkje dokumentasjon på at så er tilfelle. Det har ikkje vore utført vedlikehaldsarbeid på kommunale bruer dei siste 20 åra.

Tiltak:

Jondal kommune må for å oppretthalde den kvaliteten som er på vegane i dag, løyve meir midlar til vedlikehald. Det må oppgraderast oljegrus på dei vegane med fast dekke slik at ein får ned utgiftene til årleg vedlikehald.

Det bør utarbeidast ein tilstandsrapport over alle vegar med ein handlingsplan som kan innarbeidast i økonomiplanen til kommunen.

3.6. Reiseliv.

Aktuelt

Reiselivet har hatt ei positiv utvikling i vår kommune dei siste åra, men det er enno store utviklingsmogelegheiter gjennom produktutvikling og marknadsføring.

Visjon

Alle skal vera velkomne til kulturkommunen med fjord, foss, fjell og fonn.

Mål

Auka den lokale verdiskapinga innan reiseliv med 5 % årleg.

Tiltak

- Produktutvikling innan område opplevingar, pakketurar, guiding.
- Sal av pakketilbod til turoperatørar, reiseselskap og andre.
- Samordna marknadsføring gjennom reiselivslaget og Reisemål Hardangerfjord.
- Etablera gode opplæringsopplegg for turistvertane på turistkontoret.
- Samarbeida om tiltak som kan gje betre inntening i lågsesongen/utviding av sesongen.

4. HELSEVERN OG SOSIALE TENESTER

4.1. Generelt.

Aktuelt

For å byggja vidare på dei kvalitetane me har i ei bygd som Jondal, vert det viktig at kommunen kan vera ein aktiv pådrivar for å utvikla og etablera sosiale møteplassar og sosiale nettverk. Gode kurative tenester og tilbod til kronisk lidande, vil vera ein viktig faktor for å oppretthalde livskvaliteten hjå kvar einskild innbyggjar. Kommunen må bu seg på ei utvikling i retning av at fleire og tyngre pasientar vert vårt ansvar å behandla.

- Jondal har eit godt utbygd helse- og sosialtilbod og ei pleie- og omsorgsteneste med høgt tenestnivå.
- Jondal har gode kurative tenester og tilbod til kronisk lidande.
- Å oppretthalde tenestnivået og kvaliteten føreset ein aktiv innsats og ei vedvarande utvikling.
- Utvikling av sosiale møteplassar og nettverk er mangelfull og fører lett til isolasjon og liten kontakt mellom generasjonane.
- Nesten all sosial- og helsefremjande aktivitet foregår i sosiale samanheng utanfor sosial- og helsevesenet. Frivillig innsats, både gjennom tradisjonelle lag og organisasjonar og utvikling av nye frivillige tilbod er dei viktigaste arena for førebyggjande arbeid på helse- og sosialsektoren.

Visjon

Jondal skal vera eit samfunn som vert opplevd som positivt og sjølvutviklande for alle. Dette når ein best gjennom målretta førebyggjande verksemd i tett og ope samarbeid mellom bygdefolket og offentlege tenester.

Det er viktig at alle innbyggjarane får høve til å ta vare på eiga helse og velferd. Dette når ein best ved å arbeida etter prinsippet "hjelp til sjølvhjelp" i samarbeid med den einskilde.

Mål

Helse- og sosialtenesta skal gje best mogleg hjelp til innbyggjarane i Jondal.

Tiltak

- I all teneste må førebyggjande hjelp stå i fremste rekkje.
- Etablering av tverrfaglege samarbeidsfora og samarbeid kommune/ privat sektor (lag/ organisasjonar).
- Vidareutvikla og sikra kvaliteten på dei offentlege tenestene innfor området.

4.2. Helsetenesta

Aktuelt

- Helsetenesta flytta inn i nybygd helsesenter med moderne lokale i 2003.
- Helsetenesta omfattar 2 legar, 1 helsesyster, 2 fysioterapeutar, 1 psykiatrisk sjukepleiar, 1,8 hjelpepersonell og 0,2 jordmor.
- Det offentlege helsearbeidet i kommunen er på etterskot og står ovafor mange utfordringar. Fleire lovpålagde oppgåver skal utførast snarast, m.a. innføring av internkontrollsystem og miljøretta helsevern med godkjenning av skular og barnehage.
- Kommunen har fast tilsette leger i 100% stillingar. Overgang til avtalepraksis vert innført om det vert aktuelt.
- Det er utsikt til god legedekning i tida framover.

Visjon

Gjennom rådgjevande, førebyggjande og kurative tiltak gjev kommunen eit trygt og heilskapleg helsetilbod til innbyggjarane. Innbyggjarane har god kunnskap om - og vert motiverte til - å ta vare på eiga helse.

Innbyggjarane i Jondal har tryggleik for helsa med tilgang til rask kontakt med helsepersonell ved behov. Dette skjer gjennom

- God bemanning i helsetenesta.
- Interkommunalt samarbeid med Ullensvang herad om felles legevakt
- Telefonsentral for legevakt ved Odda sjukehus
- Samarbeid med fast stasjonert ambulanse i Jondal.
- Nær kontakt med spesialisthelsetenesta m.a gjennom telematikk

Mål

- Styrkja kvaliteten i det helsefremjande og sjukdomsførebyggjande arbeid i kommunen. Førebyggjande helsearbeid og miljøretta helsevern skal ha høg prioritet.
- Innbyggjarar med trong for intensivt tverrfagleg samarbeid skal få tilbod om samordna innsats frå personell med sikte på motivering til sjølvhjelp i dagleg livet som betrar helsa. Dette gjeld spesielt førebygging, rehabilitering og habilitering.
- Ved behov for kurativ hjelp vil kommunen gje gode behandlingstilbod.
- Det vil framleis vere eit kontor med legetime etter avtale. Det interkommunale legevaktsamarbeidet med Ullensvang vil halda fram til vi få raskare reisetid til Odda.
- Vekt på psykiatrien i samarbeid med Jonatunet, psykiater og psykologar i nabokommunar.
- Vekt på akutt hjelp og samarbeid med ambulansen i Jondal som er stasjonert døgnet rundt.

Tiltak

- Forbetra oppfølging og behandling av pasientar med kroniske sjukdommar.
- Utvida dei diagnostiske og terapeutiske tilboda lokalt.

4.3. Sosial- og barneverntenesta.

Det viktigaste prinsippet sosialkontortenesta arbeider etter er "hjelp til sjølvhjelp". Med dette meiner me at kvar einskild skal få hjelp til å ta ansvar for seg sjølv.

- Å ha gode sosial- og barneverntenester vil seia å jobba førebyggjande og årsaksretta i samspel med andre instansar, både offentlege og private med det for auge å tilretteleggja for at alle skal vera sjølvhjelpne med å meistra livet.
- Vilje, evne, kompetanse og kapasitet er sentrale omgrep som må vera på plass for å lukkast. - eit lite, oversiktleg samfunn er i seg sjølv ei sikring for at det er rimeleg lett å levera tenester av god kvalitet.
- Jondal har gode tilhøve, både folketalmessig og haldningsmessig, for å vidareutvikla samarbeidet, internt i kommunen.
- Jondal treng ein medviten strategi for korleis me skal nå målet for førebyggjande verksemd.

Aktuelt

Liten administrasjon gjer tenesta svært sårbar med omsyn til tilgang på fagkompetanse og rekruttering av sosialfagleg personell. Sosialkontoret er einmannsbetent, men sosialleiar har støtte frå tenestetorget til å utføra rutinemessige oppgåver.

4.3.1 Sosialtenesta

Mål

Mål for sosialtenesta etter Lov om sosiale tenester av 13 des. 1991 Nr. 81. 1991.

- Kommunen skal medverka til at kvar innbyggjar skal ha eit aktivt og meningsfylt liv i fellesskap med andre.
- Brukarane, uavhengig av alder og kjønn, skal sikrast god tilgang til sosialteneste av god kvalitet.
- Sosialtenesta må opparbeida meir tverrfagleg samarbeid med andre resultateiningar og med nabokommunar.
- Sosialtenesta må driva meir oppsøkjande verksemd.
- Auka kvaliteten og kompetansen i sosialtenesta sitt arbeid med brukarar med samansette behov.
- Forenkla tilgjenge for brukarane i sosialtenesta.

Tiltak

- Kommunen må medverka til å utvikla og etablera sosiale møteplassar.
- Utarbeida strategi for korleis me skal nå målet for førebyggjande verksemd.
- Arbeida meir førebyggjande og målretta i forhold til alle aldersgrupper.
- Stilla krav til sosialhjelpsmottakaren.

4.3.2 Barneverntenesta

Mål

Mål for barnevernteneste etter lov om barnevernteneste av 17. juli.Nr.100 1992

- Å utvikla ei god barnevernteneste slik at me sikrar barn og ungdom gode oppvekst- og levekår, uavhengig av sosial og kulturell bakgrunn.
- Nødvendig hjelp og omsorg til rett tid.

Tiltak

- Barneverntenesta bør styrkjast i høve til bemanning. og auka kompetansen i form av kurs og vidareutdanning.
- Arbeida meir førebyggjande og motarbeida problematferd knytt til vald, mobbing, kriminalitet og rus.
- Utvikla tverretatleg/ -fagleg samarbeid i kommunen og med nabokommunar.
- Spreia informasjon om barnevernet sine tenester.
- Sosialtenesta vil vi leggje vekt på arbeid med tilhøve for barn og ungdom, til dømes: situasjonen til barna etter foreldra sin separasjon eller skilsmisse.

4.4. Pleie- og omsorgstenesta.

Aktuelt

I januar 2003 tok PLO i bruk den nye sjukeheimen, som heiter Vikevollen. Bygget fungerer godt for dei som bur her og for personalet. Vi har fått ei flott kafeteria som vert mykje brukt til forskjellige høve. Me ønskjer at Jondølingane brukar kafeteriaen aktivt, slik at livet i Jondal kjem inn til dei som bur her og som ikkje så lett kan søka opp det som skjer utanfor Vikevollen.

Sjukeheimen har 30 plasser fordelt på fire grupper med 6-8 bebuarar på kvar gruppe. Der er ein dementavdeling, ein rehabiliteringsavdeling og to såkalla somatiske avdelingar. I tillegg har me to plassar for akutte pasientar og for avlastning. Heimebaserte tenester er som før integrert i tenesten der personalet har sin base på sjukeheimen.

På sikt vil vi få ein eldre befolkning enn i dag. Talet på personar over 67 år auke frå dagens 14% til mellom 19 og 22 % i 2050 (kjelde: SSB).

Jondal kan venta et relativt jamt behov for pleie- og omsorgstenester i åra fram til 2020. Det ser ut som vi vil ha god dekning i sjukeheimplassar og at vi kan behalde den lave terskel for plass på sjukeheimen.

Når folketalet går ned og andelen av eldre går opp, kan det verte ei stor utfordring å finna tilgjengeleg arbeidskraft i sektoren. Dette gjeld for heile landet. Arbeid i omsorgssektoren må få høg status; det må utarbeidast effektive rekrutteringsstrategiar for å sikra at kommune får søkjarar til ledige stillingar.

Visjon

Jondal kommune skal etablere eit system av prosedyrar som søker å sikre at:

- den enkelte brukar får dei tenester ho/ han har trong for til rett tid,
- at dei eldre skal ha plassen øvst på respekthierarkiet i samfunnet,
- det gis eit heilskapleg, samordna og fleksibelt tenestetilbod som ivaretek kontinuitet i tenesten,
- brukarar av pleie- og omsorgstenester og deira pårørande/ representantar takast med på råd ved utforming eller endring av tenestetilbodet. Den einskilde brukar gis medbestemmelse i samband med den daglege utførsle av tenesta.
- at dei pårørande er inkludert og er ei aktiv del i det som skjer på Vikevollen
- kafeteriaen på Vikevollen vert ein samlingsplass før Jondølingane, med forskjellige aktivitetar som bebuarane kan delta i.
- Vikevollen vert ein stad der unge og gamle kan møtast, Vikevollen vert eit fleirbrukshus.

Mål

Brukarane av pleie- og omsorgstenestene i Jondal kommune har vore med på å byggja opp vårt velferdssamfunn. Dei har krav på høg status med respekt og vørnads. På den bakgrunn har tenestene fylgjande mål:

- Fokus på å utvikle det positiva og friska hos brukarane. Fokus på at livet er verdifullt helt til siste andedrag.
- Personalet skal respektera og bevare identiteten til de menneskene som kjem til Vikevollen eller som får hjelp av heimetenesta.
- Ta vare på og lyfta fram ei lang livserfaring.
- Gje moglegheit til sjølv å ivareta sin eigenomsorg
- tilbod om varierte og tilpassa aktivitetar både ute og inne
- nødvendig medisinsk undersøking og behandling, rehabilitering, pleie og omsorg tilpassa den enkeltes tilstand
- Ein verdig livsavslutning i trygge og rolege omgjevingar.

Tiltak

- Vidareutvikle internkontrollsystem for kvalitetssikring i pleie- og omsorgstenesta.
- Utarbeide skriftlege nedfelte rutinar som søker å sikre at brukarar av pleie- og omsorgstenester får tilfredsstilt grunnleggjande behov.
- Auka satsing på trivselstiltak, m.a. betre samarbeid med lag , organisasjonar , kulturkontor, skule og barnehage.
- Auke kompetansen til dei tilsette. Utarbeide handlingsplan for kompetanseheving.
- Oppfordra bygdefolket til å bli pasientvener.
- Få permanent drift i kafeteriaen, til dømes servera søndagsmiddag til besøkande. Etablere ein leikekrok for barn i kafeteriaen.
- Organiser ei ordning med besøksvenn for heimebuande
- Leggja kulturelle aktivitetar til Vikevollen
- Arbeida vidare med uteareal til å bli lett tilgjengeleg for bebuarar.

5. OPPVEKST OG OPPLÆRING.

5.1. Generelt.

Skule og oppvekst i Jondal er eit viktig verkemiddelet for å sikra eit framtidig levedyktig lokalsamfunn. Levekåra til born og unge mellom 0 og 20 år i kommunen vert best ivaretatt gjennom eit samordna og heilskapleg politisk ansvar for oppvekstmiljøet . Dette omfattar fysisk miljø, pedagogiske miljø , sosial organisering og mennesket i miljøet.

Visjon

Det skal vera trygt, godt og stimulerande for born og unge veksa opp i Jondal kommune. Dei som veks opp skal få tiltru til kommunen slik at dei etter utdanning kjem tilbake og ønskjer å busetja seg i bygdene i Jondal kommune. Alle med spesielle opplæringsbehov skal få gode utviklingsvilkår i kommunen.

Mål

Jondal kommune skal gi born og unge samhald, tryggleik, trivnad, eigenverdi, eigenaktivitet, kunnskap, læring og medansvar. Det skal vera godt å bu i Jondal.

Tiltak

- Arbeida for at all omgang med born og unge skal byggja på respekt for eigenverdien deira.
- Ta omsyn til at aktiv medverknad gir demokratisk erfaring.

5.2. Barnehage.

- Barnehagen er første byggjesteinen i utdanninga.
- Barnehagen er "bra for barna" m.o.t. omsorg, rettleiing og trening i eit trygt leikemiljø.
- Barnehagen er viktige for funksjonshemma born og som førebyggjande barnevern.
- Barnehagen støttar familien m.o.t trivsel og tryggleik for barna og er viktig for miljøet i eit lite lokalsamfunn.
- Barnehagen er eit servicetilbod som mange ser etter når dei skal velja å flytta til kommunen
- Barnehagen er nødvendig for næringslivet som treng stabil og kvalifisert arbeidskraft.

Mål

Kommunen skal ha god dekning av barnehageplassar slik at dei fleste som søker får plass, og slik at det kan nyttast i rekrutterings- og etableringsamanheng.

Tiltak

- Planleggje slik at det til ei kvar tid er høveleg tal plassar til born i ulike aldersgrupper. Ha ein fleksibel barnehagestruktur med brukaren sentrum, i høve til barnet sitt beste og barnehagen som institusjon.
- Driva utviklingsarbeid i barnehagane på bakgrunn av aktuelle ting i tida.
- Arbeida med sosial dugleik gjennom leik og aktivitetar med fokus på natur og nærmiljø.

5.3. Grunnskulen.

Aktuelt

- Grunnskulen i dag omfattar 1-10 klasse og skulefritidsordninga (SFO) for 1-4. klasse.
Kommunen har 2 skular , Kysnes og Jondal (1- 10).
- Grunnskulen er grunnsteinen i utdanninga til menneska. Gjennom opplæring av ansvar for seg sjølv og andre, skal kunnskapar og dugleik gi elevane startgrunnlag og ballast for heile livet.
- Grunnskulen står for opplæring og oppfostring som gir grunnlag for livslang læring.
- Grunnskulen byggjer si verksemd på statlege mål, planar og krav saman med lokale tradisjonar, kultur og prioriteringar.
- Grunnskulen er viktigaste medspelar for heimen i skulebarnet si utvikling og ein viktig kulturberar i lokalsamfunnet.
- SFO skal bidra til heilskap og samanheng i barna sin kvardag gjennom nært samarbeid mellom heim, skule, kultur- og fritidstiltak i lokalmiljøet.
- Barna sin eigen kultur saman med leikeprega og sosiale aktivitetar skal vera eit grunnleggjande element i SFO.

Visjon

Skulen vår skal vera ein god skule for alle.

Mål

I Grunnskulen skal barn og unge stimulerast til fagleg og personleg utvikling. Det skal skje gjennom tilpassa og likeverdige opplæring i eit oppvekstmiljø prega av heilskap og samanheng.

Grunnskulen sitt hovudmål er å hjelpe born og unge til å verta gagnlege og sjølvstendige kreative og heilskaplege menneske i heim og samfunn

- På skulen vår skal me utvikla eit miljø bygd på medansvar, fellesskap og trivsel.
- På skulen vår er det nulltoleranse for psykisk og fysisk mobbing
- På skulen vår skal me vektleggja orden , god moral og estetikk

Tiltak

Utvikla skulane med nærområde til aktive oppvekst- og kultursentra. Her skal born og vaksne gjennom aktivitetar kunna finna tryggleik, oppleve samhald, utvikla eigenverdi, læra å ta medansvar, få lærdom og kunnskap.

Arbeida for at alle elevar i grunnskulen får eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse , trivsel og læring.

Gjennom skulemiljøutval skapa eit forum der elevar har møterett i saker som gjeld elevane.

- Utvikla skulane med nærområde til aktive oppvekst- og kultursentra. Her skal born og vaksne gjennom aktivitetar ut ifrå ein samlande plattform med felles forståing kunna finna tryggleik, oppleve samhald, utvikla eigenverdi, læra å ta medansvar, utvikla ansvar for eiga læring, ta del i ulike arbeids- og læringsprosessar der ein utviklar grunnleggjande lærdom og dugleik, omfattande allmennkunnskap i tillegg til relevant spesialkompetanse.
- Utvikla eit folkebiblioteket til sentral plass for opplæring og til å tena som senter for kulturell verksemd, for informasjon og materiell.
- Utvikla eit skulemediatek/ IT-avdeling som tener elevane i deira kvardag.
- Skapa ein skule i utvikling og arbeida systematisk med skulevurdering og kvalitetssikring.
- Stimulera til aktiv entreprenørskap i grunnskulen. Dette er viktig læring og erfaring for elevane med tanke på framtidige arbeidsplassar i Jondal kommunen. Her får borna etablererkunnskap og lokal ressurskunnskap.
- Styrkja barna sin identitet til Jondalsbygdene . Dette kan skje gjennom kunnskap om lokalhistoria og bruk av lokalmiljøet på ulike måtar..
- Vidareutvikla informasjons- og kommunikasjonsteknologi-faget (IKT-faget) til å verta ein naturleg del av elevane sin læringskvardag. Slik skal IKT verta eit reellt læringsverktøy for å henta nødvendig informasjon med omsyn til å bearbeida stoff i faglege utviklingsprosessar. IKT skal ikkje berre vera eit mål i seg sjølv der ein berre konsentrerer seg om reint teknisk brukarmedvet.
- Auka maskintettleiken og ta pedagogisk programvare aktivt i bruk.
- Gje stadig opplæring / oppfølging til personalet slik at dei føler seg trygge både innafor IKT-bruken overfor elevane i læringsprosessen og i bruken av det IKT-utstyret ein finn i skulen.
- Utvikla eit godt foreldresamarbeid. Ein god skule er open mot lokalsamfunnet, har god kontakt, gjev god informasjon og utviklar likeverdige samarbeidsformer med heimen, det vil seia at både skule og heim er aktive og konstruktive og tek initiativ overfor kvarandre.
- Skapa reell brukarmedverknad gjennom aktive rådsorgan, samarbeidsutval og skulemiljøutval.
- Utvikla dei estetiske faga i grunnskulen i samarbeid med kulturskulen, ulike kunst- og handverksbedrifter og kunst- og kulturinstitusjonar.

5.4. Kulturskulen.

Aktuelt

Kulturskulen er lovpålagd og heimla i Opplæringslova (§13 – 6).

Kulturskulen er eit viktig innslag i born og unge sin kvardag. Å setja i verk fellestiltak på dette området stimulerer born og unge til eigen aktivitet og oppleving.

Visjon

Fri kultur er kulturskulen sin visjon. I dette ligg:

- Eit ynskje om ein solidarisk skule, fri for konkurransejag, prestasjonar og mobbing.
- Innhaldet i Kulturskulen skal gje både inspirasjon til eigenutvikling og kunnskapar og ferdigheitar i kunstfaga.
- Elevane skal kunne kjenne seg så trygge at dei kan glede seg over å dela sin kunst med andre.

Respekt og forståing frå medelevar, føresette, lærarar og vener er sentralt for å kunne skapa ein kulturskule med fri kultur

Mål

Fylgjande mål skal vera nådd innan år 2015

- Kulturskulen er senteret for fri kultur i kommunen.
Ein stad kor kunst vert utøvd og utvikla utan fordommar, stengsler eller konkurranse. Fokus for institusjonen er å lyfta og inspirera elevane gjennom glede og fri utfolding utan prestasjonsangst eller forventningspress.
- Kulturskulen utviklar sjølvkjensla, tryggleik og respekt for andre.
- Kulturskulen tilbyr kompetente lærarar i alle disiplinar og yter til å heva kunnskap- og kompetanse nivået hjå elevane.
- Kulturskulen er ein attraktiv arbeidsplass og eit trekkplaster for kompetente lærarkrefter.
- Kulturskulen er ei kjelde for inspirasjon, samvær og glede for nærmiljøet gjennom konsertar og andre arrangement.
- Kulturskulen samarbeidar på tvers av fagområder, med skule, barnehage, organisasjonar, profesjonelle kunstnarar, institusjonar og over kommunegrensar.
- Kulturskulen har romslege og gode lokalar og nødvendig utstyr for å oppretthalde høge kvalitetskrav.

Tiltak

- Jondal kommune oppretthalde Kulturskuletilbodet
- Kulturskulen har stor aktivitet for elevar i alle aldre.
- Kulturskulen har eit aktivt foreldreråd.
- Oppretthalde stor variasjon i fagtilboda. Instrumentalundervisning, drama, biletkunst, eventuelt dans og skapande skrivning.
- Prosjekter gjennomførast på tvers av dei ulike faga og framsyningar og konsertar gjennomførast minimum 1 gong i semesteret.
- Kulturskulen sikrar drifta med nødvendig utstyr til undervisninga og moglegheiter for instrument utleige for elevar.
- Kulturskulen ivaretar eliteelevar i form av ekstra undervisning og konsertverksemd.

5.5. Spesialpedagogiske tiltak for born og vaksne.

Aktuelt

Opplæringslova §5 gir lovpålegg om at barn, unge og vaksne har rett til spesialopplæring på grunnskulen sitt område. Evne til munnleg og skriftleg kommunikasjon med medmenneska er eit avgjerande kriterium for livskvalitet.

Basiskunnskapar i sentrale fag er nødvendig ballast i eit komplisert samfunn.

Mål

Jondal kommune ynskjer å gje born, unge og vaksne eit så godt opplæringstilbod som mogeleg i samsvar med rettar dei har etter lover og forskrifter.

Likeverd er eit berande prinsipp i vårt samfunn. Dette prinsippet skal sikra at alle , uansett alder, kjønn og rase ,evner, personlege føresetnader og bustad skal ha dei same rettane til opplæring , omsorg , behandling ,vern og personleg utfalding i samfunnet

Tiltak

- Helsestasjonen, barnehagen og grunnskulen er sentrale i arbeidet med å oppdaga vanskar, å setja inn og å samordna hjelpetiltak for det enkelte barnet.
- Informera og gje innbyggjarane som treng det , den spesialfaglege hjelpa og undervisninga som er mogleg innafor menneskelege og økonomiske ressursar.
- Gjera foreldre kjende med rettar og moglegheiter i høve deira barn.
- Gjera den spesialpedagogiske tenesta i kommunen så god som råd..
- Sjå til at skule ,barnehage og administrasjon har god kunnskap om lover, rettar, krav og saksgang. Dette for å ivareta likeverdprinsippet.
- Etablere klare ansvarsrutinar og setja i gang tiltak til rett tid.

5.6. Vidaregåande opplæring og høgskuleutdanning.

Aktuelt

- Når våre unge er ferdige med grunnskulen i Jondal , har dei tilbod til vidaregåande skulegang. Elevane frå Jondal kommune reiser først og fremst til Kvam, men og til Voss eller Bergen, meir skjelden til Odda.
- Mange pendlar til Kvam, reiser att og fram på same dag, andre bur på hybel.
- Dei som av ulike grunnar vel Voss, Bergen eller Odda lyt flytta på hybel.
- Dette medfører at mange unge flyttar på hybel og er heime berre i helgane. På denne måten misser lokalmiljøa i Jondal ei svært viktig aldersgruppe.
- Ungdomen er ein ressurs for lokalsamfunnet, for lag og organisasjonar og gir viktig identifikasjon for borna i Jondal.

Mål

Tilretteleggje for at ungdomen frå Jondal skaffar seg ei god utdanning og får ei sterk identitetskjennele til heimkommunen sin.

Tiltak

- Stimulera innbyggjarane til å ta seg utdanning ved at dei kan få tilgang på tilbod til vidaregåande opplæring og høgskuleutdanning i regionen, men også i Jondal. Jondal kommune kan verta ein aktiv stad for livslang læring og kompetanseheving for innbyggjarane.
- Letta studiefinansieringa gjennom kommunale stipendordningar, og samtidig skapa tilknytning og stimulera ungdomen til å bu og busetja seg i Jondal.
- Stimulera til fleire lærlingplassar i Jondal.
- Leggja tilhøve til rette for å skapa tilknytning og stimulera ungdom til å bu og busetja seg i Jondal.
- Stimulera til fleire lærlingplassar i Jondal.

5.7. Nærmiljø

Aktuelt

Nærmiljøanlegg er tilrettelagt i fleire grender i form av all-aktivitetsområde for leik og utvikling.

Visjon

- Trivsel både ute og inne er ein av føresetnadene for god livskvalitet i oppveksten, og ein god oppvekst i trivelege omgjevnader er viktig for barn og unge sin lokale identitet og tilknytning til Jondal.
- Trygge bustadområde, nærmiljø, leikeplassar, skuleveggar og opphaldsplassar, samt opne offentlege møteplassar for barn og unge, er nødvendige føresetnader for trivsel.
- Uformelle sosiale rom og uformelle treffstader er av sentral verdi for å skapa tilknytning og kameratskap.
- Gode inneklima i dei offentlege bygga våre, er avgjerande for læring og utvikling.

Mål

Born og unge i Jondal skal ha sunne, trygge og utviklande miljø å veksa opp i.

Born og unge i Jondal skal få høve til aktiv deltaking i varierte natur-, kultur- og fritidsaktivitetar i møte med jamaldringar og andre generasjonar i lokalsamfunnet og nærmiljøet.

Tiltak

- Sikra at det er friområde i alle delar av kommunen, og regulera inn tilstrekkeleg areal til grøne lunger rundt byggjefelta, skulane, barnehagane og elles i nærområda til aktivitet, utvikling, utforsking og naturopplevingar.
- Offentlege leike-, barnehage-, og skuleplassar skal vera trygge og sikrast mot ulukker, og det skal utarbeidast rapporterings- og vedlikehaldsrutinar for offentlege opphaldsplassar for born og unge.
- Planleggja slik at føresette skal vera trygge for sine born og unge ved ferdsel og transport på veg til og frå ulike aktivitetar.
- Syta for at barn og unge sine interesser spesielt vert teke omsyn til i tråd med rikspolitiske retningsliner ved all planlegging og utbygging i kommunen.
- Tilretteleggje for at alle offentlege bygg skal ha sunne inneklima, og følgja opp arbeidet med miljøretta helsevern.
- Tilretteleggje for at alle bustadmiljø kan etablere nærmiljøanlegg etter behov.

6. KULTUR OG FRITID

6.1. Generelt

Vår tid er prega av raske endringar og nye behov som påverkar heile samfunnet både med omsyn til næringsutvikling, busetjingsmønster og befolkningsamansetjing.

Jondal kommune ynskjer å vera ein triveleg kommune å bu og leva i. Sentrale kjennemerke på trivselsfremjande miljø er:

- Eit romsleg syn på medmenneske, toleranse og aksept for at grupper og einskildpersonar kan ha eit anna syn og andre meiningar enn det ein sjølv har.
- Nettverksbygging og eit inkluderande fellesskap.
- Kulturtiltak og kulturarenaer som skapar kommunikasjon, nettverk, trivsel og utfordringar for deltakarane.

Dette er ressursar som stimulerer til samarbeid, nye løysingar og samfunnsutvikling. Dugnadsånd og fellesinnsats er av stor verdi for lokalsamfunnet og kommunen og viljen til å vera deltakar når oppgåver skal løysast, skapar tilknytning til grender og kommune.

Aktuelt

Offentleg satsing på kultur gjev ringverknader i form av interesse for å ta vare på kulturarven, auka oppslutnad om kulturskule og tilbod innan fritidssektoren, samt eit folkebibliotek som viser veg inn i ei moderne verd med stadig nye tilbod.

Visjon

Ein medviten og aktiv satsing på kultur skal vera grunnlaget for godt bumiljø, tilflytting og trivsel for innbyggjarane.

Mål

Eit aktivt og levande kulturliv, gode kulturarenaer og sikra kulturminne og miljø, er ressursar og verdigrunnlag for utvikling av Jondal kommune.

Tiltak

- Aktivt nytta kulturtilbod og kulturarenaer i vidare kommunal tenesteutvikling, profilering og samfunnsutvikling
- Driva kommunale kultur- og fritidstenester
- Tilretteleggje for og støtta frivillige organisasjonar sine aktivitetar og kulturinnsats
- Aktivt utnytta kulturdeltaking og fritid som både inkluderande, førebyggjande og rehabiliterande i heile verksemda.
- Mobilisere innbyggjarane, organisasjonane og partane i arbeidslivet til aktiv medverknad i "Lokal Agenda 21" prosessar.
- Etablera interkommunale samarbeidsformer

6.2. Bibliotek

Aktuelt

Dei kommunale folkebiblioteka er heimla i Lov om folkebibliotek av 20. desember 1985. Brukaren er sett i fokus, og eit brukarorientert bibliotek skal fremja opplysning, utdanning og

kulturell verksemd via informasjonsformidling, og stilla materiell og bøker gratis til rådvelde for innbyggjarane i kommunen. Allsidigheit og aktualitet er viktig i det daglege arbeidet.

Visjon

Biblioteket vil leggja til rette for at alle innbyggjarane skal få nyta godt av biblioteket sine tilbod, både tekniske og litterære. Biblioteket skal vera eit kunnskapssenter i kommunen og hjelpa og vegleia vaksne som søker vidare utdanning. Born skal få hjelp i søkinga etter kunnskap og underhaldning.

Mål

Bibliotekverksemda i Jondal Kommune skal halda høg kvalitet, og vera eit knutepunkt for informasjon, utvikling av lese- og skriveglede, utdanning og kunnskaps- og kulturformidling. I biblioteket skal alltid brukarane sitt behov stå i sentrum.

Tiltak

- Møta den teknologiske utfordringa
- Styrkja rolla som informasjons- og kunnskapsformidlar
- Fylgja opp einingsplanen for biblioteket
- Syrgja for at personalet får kurs og informasjon som held dei oppdaterte på dei områda som er viktige.
- Ta del i fylkeskommunale og statlege prosjekt som fremjar kunnskapen og aktiviteten i biblioteket

6.3. Kulturvern

Aktuelt

Det er skipa to Stiftingar som ivaretek kulturminne, tradisjonar og handverk: Stiftinga Gamlestølens Venner (Tveddal) og Stiftinga Herand Aktiesagbrug (Herand oppgangssag). I tillegg er det nedsett ei nemnd for bruk og drift av Viketunet, som og fungerer som styre for laget Venner av Viketunet.

Skulemuseet på Årsand ivaretek ei samling av skulemateriale og gjenstander i Jondal kommune si eiga, medan sjølve bygningen tilhøyrrer Kvinnherad kommune.

Hellerissningsfeltet i Herand er skilta og sikra. Kulturminne i tilknytning til hellebrotet på Sollesnes bør sikrast og gjerast tilgjengeleg. Hereiane er vald som tusenårsstad for Jondal kommune. Akjerhaugen bør tilretteleggjast og sikrast betre.

Visjon

Formålsparagrafen til Lov om kulturminne av 3. juli 1992 seier at:

“Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning. Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressurser som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og fremtidige generasjoners opplevelse, selvforståelse, trivsel og virksomhet”

Denne formålsparagrafen samsvarar også med overordna målsetjing for kommunen. Kulturminna er ein del av historia vår og er ein kunnskapsbank med lærings- og opplevingsverdiar. Denne kulturarven er eit resultat av busetnad og ressursutnytting i høve naturgrunnlaget.

Mål

Jondal kommune skal ta vare på kulturminne, kulturmiljø og den lokale kulturarven, og medverka til at særmerkte tradisjonar og viktig kunnskap vert ført vidare.

Tiltak

- Fokuserer på kulturarven som ressurs ved å gjera kulturminne/ miljø til sentrale tema i all fysisk planlegging.
- Ta vare på og synleggjera verdfulle kulturlandskap, kulturminne og kulturmiljø, og sikra desse ved å nytta Plan og bygningslova som eit sentralt verktøy i vern og forvaltning
- Stimulera til privat ivaretaking av kulturminne, bygningsmiljø, husflids- og handverkstradisjonar.
- Driva haldningsskapande arbeid gjennom informasjon- og kunnskapsformidling
- Utarbeida kommunedelplan for kulturminnevern.

6.4. Kunst og kulturformidling

Aktuelt

Jondal kommune er vertskommune for den tradisjonelle Handverksmessa annakvart år. Denne storstilte mønstringa av kunst, husflid, handverk, musikk og kultur er det største innan slik formidling i Jondal kommune.

Kulturskulen driv vidare kunst og kulturformidling innan område musikk, kunst og drama. Folkeboksamlinga driv kulturformidling innan litteratur, musikk og multimedia.

Visjon

Tilgang på kunst og kulturopplevingar og høve til eigenaktivitet innan området skapar trivsel, gode oppvekstmiljø, fellesskap, kreativitet og utvikling for den enskilde og samfunnet.

Haldningsskapande arbeid

- for å synleggjera verdien kunst og kultur har i eit samfunn
 - for å skape mot og vilje til å utvikle potensiale blant unge og vaksne utøvarar
 - for å skape forståing for at kreativitet, kunst og kultur må gro fram i eit trygt og romsleg samfunn
- er difor bærebjelken i eit levande kunst og kulturliv.

Mål

Kommunen si satsing på kunst og kulturoppleving/deltaking skal vera tilgjengeleg for alle generasjonar, ivareta både finkultur og folkekultur, og vera open for amatørar og profesjonelle.

Tiltak

- Framsyning av aktuell film innan alle sjangrar med teknisk kvalitet og komfort for publikum som mål
- Profesjonelle kunst og kulturopplevingar som er tilgjengelege
- Kunstnerisk utsmykking av offentlege bygg og uterom
- Oppretta og utvikle kulturarenaer for deltaking og oppleving av kunst, musikk og kultur.
- Driva haldningsskapande arbeid gjennom å overføra positive haldningar til sitt eige lokalsamfunn og lokal kunst og kulturutøving frå generasjon til generasjon.

6.5. Barne- og ungdomsarbeid

Aktuelt

Å skape arenaer til utvikling i eit trygt og sosialt fellesskap, er viktig ledd i alt arbeid for born og unge og her er kulturskule, barnehage, bibliotek, skule og frivillig lagsliv viktige samarbeidspartar. Samarbeidstiltak innan barne og ungdomsarbeid vert prioritert.

Visjon

Eit utviklande og trygt miljø og offentlege tenester med høg kvalitet er avgjerande for eit godt oppvekstmiljø.

Gode møtestader, aktive lag og organisasjonar, gode haldningar og positivt og inkluderande fellesskap, er grunnlag for offentlig satsing på barn og unge.

Mål

Barn og unge skal ha eit godt oppvekstmiljø med høve til aktiv deltaking i varierte kultur og fritidsaktivitetar i møte med jamnaldrande og på tvers av generasjonane.

Tiltak

- Vidareutvikla kommunale fritidstiltak med fokus på brukarstyring og eigenaktivitet
- Førebyggjande arbeid på tvers av fagsektorar
- Det skal takast omsyn til born og unge sitt oppvekstmiljø i det kommunale planarbeidet ved utbyggingssaker i kommunen
- Born og unge blir prioriterte når det gjeld offentlege tilskot
- Drift av ungdomsklubb, vert oppretthalde
- Vektleggje estetiske og kreative fag og område gjennom heile oppveksten
- Vidareutvikle kulturskulen som basis for offentlig satsing på barn og unge.
- Tilretteleggje og sikre område i natur og friluftsliv, for aktivitet og leik.
- Invitera til deltaking på barn og unge sine premisser og vera open for deira innspel og behov

6.6. Kulturbygg og anlegg for idrett og friluftsliv

Aktuelt

Her vises til kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv.

Visjon

Kulturbygg og anlegg og område for idrett og friluftsliv vert vektlagt i kommunal kultur - og fritidsverksemd og planlegging.

Mål

Kommunen legg estetiske uttrykk og heilskapstenking til grunn ved planlegging og utbygging av kultur- og idrettsbygg og anlegg som dannar grunnlaget for sosiale møteplassar og eit variert kulturliv.

Tiltak

- Oppfølging av kommunedelplan for idrett og friluftsliv
- Etablere og vidareutvikla sosiale møteplassar for aktivitet og fritid i alle deler av kommunen.
- Offentlege opphaldsrom i bygg og anlegg må ha god kvalitet som blir sikra med gode vedlikehaldsrutinar.
- Tilretteleggje for eit godt og mangfaldig nett av turstiar gjennom sikring, skilting og praktisk tilrettelegging. Produsera kart.
- Sikre område for friluftsliv i arealplanlegging.

7. AREAL OG MILJØ.

Aktuelt

Jondal har stor variasjon frå kyst til høgfjell, med næring innan havbruk, jordbruk og skogbruk. Naturressursane vert og nytta ved produksjon av murblokker og heller med stein som råvare. Likevel er store delar av Jondal kommune urørd natur. Det biologiske mangfald er stort. Inngrep i naturen må gjerast med varsemd slik at naturressursane vert sikra for komande generasjonar

Mål

Arealbruken må skje på naturen sine premissar så mangfaldet og eigenskapane ikkje vert forringa.

7.1. Arealplan.

Aktuelt

- For at kommunen skal utvikla seg i rett lei er det viktig med god arealplanlegging. Dette skjer m.a. gjennom kommuneplanen og regulerings- og utbyggingsplanar.
- Mangel på planar kan medføre dårleg eller feil utnytting av arealressursane i kommunen og kan seinka einskildsaker.

Mål

- Jondal kommune skal ha arealplanar og sakshandsaming av einskildsaker som sikrar arealbruk i tråd med mål i kommuneplanen.

Tiltak

- Kommunen skal ha fagleg gode og oppdaterte arealplanar.
- Arealbruksdokumentasjon og -analysar må liggja til grunn for arealplanar.
- Oppretthalda og vidareutvikla eit godt kartgrunnlag.
- Sakshandsamarar må ha god fagleg standard som må vedlikehaldast og oppdaterast gjennom kurs og etterutdanning.
- Gjera planar tilgjengelege og kjende for politikarar, sakshandsamarar og publikum.
- Einskildtiltak må vera i samsvar med plan og dispensasjonar må berre nyttast unntaksvis.

7.2. Miljø- og naturforvaltning

Aktuelt

- I Jondal har me god plass, samstundes er me sette til å forvalta ein unik del av Noreg. Me har, til liks med andre kommunar, eit ansvar for å ta vare på mangfaldet i miljøet. Etterkomarane våre har rett til å arva ein like god stad å bu som me har.

7.2.1. Miljø

Mål

- Biologisk mangfald i kommunen må sikrast for etterkomarane.

Tiltak

- Utarbeiding av miljø- og naturressursprogram.
- Arbeida for forståing av å ta vare på mangfaldet i miljøet hjå ålmenta i Jondal.

7.2.2. Naturvern

Område som er verna i medhald av naturvernlova:

- Gulbergnotten barskogverneområde er varig verna.
- Oppretting av Folgefonna nasjonalpark er under arbeid.

Mål

- Kommunen skal arbeida for størst mogeleg lokal forvaltning av nasjonalpark, landskapsvernområde, naturreservat og naturminne. Det må følgja økonomisk kompensasjon med ansvaret.

Tiltak

- Gjennom aktiv deltaking i forvaltningsplanprosessen skal kommunen påverka bruken av verneområda.

7.2.3. Vassdrag

- Det er ingen store vassdrag i Jondal. Den største er Jondalselva. Der går laks 1 km opp i elva til under Haugafossen. Jondalselva er mest berørt av vasskraftutbygging i kommunen.

Mål

- Vassdraga sine fleirbruksinteresser må sikrast.

Tiltak

- Kommunen skal gjennom planlegging og aktiv oppfølging av vassdraga, sikra at det vert teke fleirbruksomsyn.

7.2.4. Ferskvassfisk

- Statkraft Region Vest-Norge har konsesjonspålegg om årleg fiskeutsetjing.
- Jondal jakt og fiskelag har utarbeidd kultiveringsplan.
- Vassdrag med spesielle fiskeinteresser for laks og sjøaure: Jondalselva og Storelvai Herand.

Mål

- Vatn og vassdrag på privat grunn må verta forvalta til beste for grunneigarane gjennom driftsplan.
- Konesjonspålegga til Statskraft for fiskeutsetjingar må fortløpande verta vurdert og verta justerte i forhold til den biologisk beste kultiveringsforma.

Tiltak

- Kommunen skal samarbeida med jakt og fiskelaget og grunneigarane om fiskeressursane sine.

7.2.5. Vilt

- Jakttilbodet i kommunen er godt og kan vera avgjerande for å få kvalifiserte søkjarar til jobbar i Jondal. Jakt er ein tradisjon som er viktig å føra vidare til nye generasjonar.
- Småviltjakta saman med hjortejakta er dei jaktformer som har størst verdi økonomisk for grunneigarane.

Mål

- Det skal takast omsyn til viltet sine trekkvegar, vinter og sommarområde og til viktige hekke- og ynglelokalitetar.
- Småviltjakta må gje ei varig årleg avkasting til glede for jegrar og til inntekt for grunneigarar og reiselivsnæringa.
- Viltet skal forvaltast så ein oppnår jamt årleg uttak i pakt med ønskt stammestorleik og produksjon.

Tiltak

- Tilbod på småviltjakt må organiserast slik at jakta gjev ei varig avkasting.
- Kommunen skal i samarbeid med frivillige organisasjonar og viltnemnda leggja til rette for at unge og vaksne får interesse for jakt og høve til å utøva jakt.

7.2.6. Motorferdsle i utmark

- Motorferdsle i utmark vert regulert av Lov om motorferdsle i utmark med forskrifter av 15. mai 1988.

Mål

- Lokal styringsrett med motorferdsle skal oppretthaldast.

Tiltak

- Kommunen skal gjennom politikk og dagleg drift visa at lokal forvaltning er best.

7.2.7. Kystsoneforvaltning

Fiskeoppdrett er ei viktig næring i Jondal. Jondal har ein kystsonesplan som vart vedteken i 1994.

Kystsoneplanen skal regulera forvaltning av kystsona og rullerast i løpet av kommuneplanperioden.

Mål

Kystsoneplanen skal rullerast i kommuneplanperioden.

7.3. Forureining, renovasjon og avfallshandsaming

Aktuelt

Det er lite forureining i Jondal. Dei største kjeldene til forureining kjem av motorferdsle og langtransportert luftforureining.

7.3.1. Vassforureining

- Forureining av vassdraga gjennom sur nedbør skjer i hovudsak med langtransportert forureining.

Mål

- Vassdraga i kommunen må ha ein vasskvalitet som gjev livsgrunnlag for naturleg biologisk mangfald.

Tiltak

- Det vert utarbeidd kalkingsplanar for forsuringssutsette vassdrag i kommunen.
- Kommunen skal ta omsyn til forureiningskjeldene i planlegginga av løysingar for vatn, avlaup og renovasjon (VAR-løysingar).
- Kommunen skal ha oversikt over forsuring- og forureinings situasjonen i vassdraga.
- Kommunen skal arbeida for å skaffa midlar til kalking, evt. andre tiltak for å hindra forsuring.
- Lokale forureiningskjelder må verta registrert og stoppa.

7.3.2. Støy og luftforureining

- Enkelte utslepp frå verksemdar, gardsbruk og bråtebrenning i bustadnære strok er til plage for grannelaget. I tillegg medfører trafikken luftforureining

Mål

- Utslepp frå verksemdar bør verta vurdert med omsyn til miljøkonsekvensane for grannelaget.

Tiltak

- Konesjonsvilkåra for utslepp frå verksemdene må overhaldast.

7.3.3. Forureining på land

- Det er registrert ulovlege avfallsfyllingar og lokal forsøpling.

Mål

- Registrera og få rydda opp i ulovlege avfallsfyllingar og lokal forsøpling.
- Kommunal drift skal gå føre som døme for miljørett drift.

Tiltak

- Forureiningslova skal følgjast i opprydding i ulovlege avfallsfyllingar og lokal forsøpling.
- Eingsleiarane i kommunen har ansvar for at drifta innanfor deira område er miljøret.

8. KOMMUNALTEKNISK DRIFT.

8.1. Generelt.

Aktuelt

- Området for kommunalteknisk drift dekkjer drift, vedlikehald og utbygging av kommunale bygg og areal, herunder park-/ grøntanlegg og kommunaltekniske anlegg.

Mål

- Produkt og tenester innan området skal til ei kvar tid ha så god kvalitet som ressursar og økonomiske rammer tillet, og som best mogeleg stetta krav i lover, forskrifter og normer.

Tiltak

- Samordna planlegging og kontinuerleg evaluering.
- Økonomistyring.
- Kurs og etterutdanning.

8.2. Vegar, bruer, vegljøs, trafikktryggleik.

Aktuelt

- Kommunen har eit vegnett av god standard. Med få unntak har vegane fast dekke.
- Rv. 550 (15 km) og Fv.105 (10 km) og 107 (24 km) er statlege. Staten har og vedlikehaldsansvaret for gang-/ sykkelvegar langs riksveg.
- Jondal kommune eig og vedlikeheld xx km kommunal veg.

Mål

Jondal kommune skal ha trygge vegår for alle typar brukarar. Kommunen arbeider for at Jondalstunnelen vert realisert og for betre samband over Hardangerfjorden til Tørvikbygd..

Tiltak

- Planlagd drift og vedlikehald, med vektlegging på førebyggjande vedlikehald.
- Sikringstiltak for born og unge skal prioriterast.
- Sikringstiltak på Anleggsvegen.
- Revidera trafiksikringsplanen.

8.3. Vassforsyning.

Aktuelt

- Jondal kommune har i dag 1 vassverk som forsyner totalt 270 husstandar, dvs. ein dekningsgrad på 50 %. Hovudforsyninga en overflatevatn, med inntak i Stølselva. Det er ikkje godkjent vassverk i kommunen. Det er fleire små private vassverk i dei ulike grendene, dei fleste har overflatevatn som hovudforsyning.

Mål

Kommunale vassverk skal levera drikkevatt som stettar krava i drikkevassforskrifta.

Tiltak

- Formell godkjenning av vassverka.
- Planlagd drift og vedlikehald.
- Oppdatering/ etterutdanning av driftspersonalet.
- Delta i interkommunalt fagleg samarbeid.
- Betra informasjon i lokalsamfunnet.
- Utarbeida leidningskart.

8.4. Avlaup og reinseanlegg.

Aktuelt

- Jondal kommune har 4 utsleppsanlegg utan rensing. Totalt er 300 husstandar tilknytt, dvs. ein dekningsgrad på 75%. Kommunen har tvungen tømning av slamskiljarar for alle husstandar som har slamavskiljar og ikkje er tilknytt kommunale anlegg.

Mål

- Avlaups- og evt. reinseanlegg skal drivast i samsvar med dei konsesjonar som til ei kvar tid en gjeldande.

Tiltak

- Planlagd drift og vedlikehald.
- Slamavskiljaren og leidningsnett i Jondal skal utbetrast/fornyast.
- Oppdatering/ etterutdanning av driftspersonalet.
- Delta i interkommunalt fagleg samarbeid.
- Betra informasjon i lokalsamfunnet.
- Utarbeida leidningskart.
- Hindra sjenerande lukt.

8.5. Renovasjon og avfallshandsaming

Aktuelt

- Jondal kommune er saman med kommunane Granvin, Eidfjord, Ullensvang, Ulvik og Voss medlem av det interkommunale selskapet Indre Hordaland Miljøverk (IHM).
- Kommunal avfalls- og forureiningspolitikk vert i stor grad utarbeidd i regi av IHM gjennom kommunedelplan for avfall. Gjeldande plan vart vedteken av Jondal kommunestyre i sak xx/95 den xx.06.95. Mål og tiltak går fram av kommunedelplanen.
- IHM har overteke medlemskommunane sine plikter og rettar for saker som gjeld renovasjon og avfallshandtering, (jf forskrift om innsamling av avfall m.v.).

8.6. Kommunale bygg og eigedomar.

Aktuelt

Jondal kommune har ansvar for ein omfattande bygningsmasse som grovt sett kan delast inn i to kategoriar:

- Offentlege bygg som skular, barnehagar, kommunehus o.l.
- Utleigebygg av type bustadhus, næringsbygg o.l.

Mål

Kommunale bygg skal ha ein standard som brukarane en nøgd med, og det skal leggjast vekt på ENØK og rasjonell drift av bygningane.

Tiltak

- Det skal lagast til vedlikehaldsplan.
- Vurdera sal av kommunale utleigebygg, eventuelle andre driftsformer som bustadstifting ol.

8.7. Parkar og grøntområde.

Aktuelt

- Dei fleste kommunale grøntområda er knytt til kommunale bygg slik som skule, Sjukeheim, Barnehage ol.
- Etter avtale med kyrkjeleg fellesråd har Jondal kommune driftsansvar for kyrkjegardane og uteareal kring kyrkja.

Mål

- Parkar og grøntområde i Jondal skal vera brukarvennlege.

Tiltak

- Planlagd drift og vedlikehald.
- Styrkja grøn sektor
- Etappevis opprusting av grøntområde med vekt på estetikk og vedlikehald.

8.8. Brann- og redningstenesta.

Aktuelt

- Brann- og redningstenesta har stort sett godt materiell og utstyr til disposisjon. Utstyret er av god kvalitet. Tenestene har stort sett stabilt og fagleg bra personell. Krava til fagkompetanse innan brannvern er aukande. Kommunen en medlem i den interkommunale ordninga: Alarmsentral brann i Hordaland med døgkontinuerleg varslingsentral i Bergen.
- Kommunen har godkjent brannordning; godkjent av DBE i 1998.
- Kommunen har tilfredsstillande bemanning og kompetanse innan feiarvesenet.

Mål

- Personell, utstyr og materiell innan brann- og redningstenesta, herunder feiarvesenet, skal stetta dei krava som verte stilt i gjeldande forskrifter og vera i samsvar med vedteken brannordning..

Tiltak

- Fagutdanning skal skje etter fastsette fagplanar og gjennomførast ved utdanningsinstitusjonar som har personell, kompetanse, øvingsanlegg og utstyr til dette.
- Det skal gjennomførast praktiske og teoretiske øvingar slik at personellet kan utføra dei oppgåver som dei kan rekna med å møta.
- Førebyggjande brannvernarbeid skal prioriterast.
- Samarbeidet med skulane om brannvernopplæring skal vidareførast.
- Interkommunalt og regionalt samarbeid, særleg om større øvingar, innkjøp av materiell og utstyr, bør styrkjast.
- Det skal innførast behovsprøvd feiing, jfr. forskrifter om dette.
- Personleg alarmeringsutstyr må fornyast i år 2005.

9. AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN

9.1. Generelt

Heimel for arealdel av kommuneplan:

I medhald av plan- og bygningslova (pbl) §20-1, 2.ledd skal kommuneplanen ha ein arealdel. Arealdelen av kommuneplanen viser areal- og naturressursdisponeringa i kommunen.

Arealdel av kommuneplan består av:

1. Plankart som syner arealbruk
2. Utfyllande planføresegner
3. Retningslinjer
4. Planvedtak

Verknad av arealdel av kommuneplan:

Verknad av kommuneplan går fram av pbl §20-6. Kommuneplanen sin arealdel med tilhøyrande føresegner har direkte rettsverknad for arealbruken og hovudprinsippet er gjeve i pbl §20-6, 1.ledd, 1.punktum:

Tiltak som nemnt i pbl §§81, 86a, 86b og 93 må, om ikkje anna er bestemt, ikkje vera i strid med arealbruk eller føresegner fastlagt i endeleg arealplan.

Under føresetnad av at arealbruk og føresegner er i samsvar med pbl §20-4, er plankart og utfyllande planføresegner rettsleg bindande for arealbruken i kommunen, medan retningslinjer er rettleiande. I planvedtaket kan det gjevast føresegner som ikkje er heimla i pbl. Slike føresegner må ha klar lovheimel for å vera juridisk bindande.

Tilhøvet mellom arealdel av kommuneplan og andre arealplanar er styrt av pbl §20-6, 3.ledd:

Når ikkje anna er bestemt, gjeld kommuneplanen sin arealdel føre andre rikspolitiske føresegner reguleringsplanar og utbyggingsplanar men fell vekk i den grad han strir mot slike føresegner som vert gjort gjeldande seinare.

Endring av arealdel av kommuneplan

Arealdelen vert normalt rullert saman med resten av kommuneplanen. Kommunestyret kan i tillegg gjera endringsvedtak utanom den ordinære rulleringa av kommuneplanen.

Dispensasjon frå plan

Utter reglar i pbl §7 kan det faste utval for plansaker dispensera frå arealdelen av kommuneplan dersom ikkje anna framgår av planføresegner. I Jondal er Hovuduvalet for Teknisk og Landbruk det faste utval for plansaker (vedteke 24.04.1997 i KS-sak 18/97 om delegasjon). Før dispensasjon vert gjeve skal statleg fagmynde med interesse i området samt fylkeskommunen ha saka til uttale. Ved vedtak gjort i strid med slik uttale har uttaleorganet høve til å klaga på vedtaket.

Andre viktige lover og reglar som styrer arealbruken i kommunen:

- 1) **Pbl § 17-2, forbod mot bygging og deling i 100-metersbelte langs sjøen.** Regelen set forbod mot ei rad tiltak langs sjøen. Det er unntak for tiltak som er nødvendig for landbruket, samferdsle m.fl., og regelen gjeld ikkje i regulert område.
- 2) **Pbl § 17-1, rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging.** Retningslinjene har til hensikt å skapa betre samordning av arealplanlegging og transportplanlegging både i kommunane og på tvers av kommunar, sektorar og forvaltningsnivå.
- 3) **Jordlova:** Jordlova gjeld for heile kommunen. Føresegnene i §§9 (omdisponering) og 12 (deling) gjeld likevel ikkje for område som i regulerings- eller utbyggingsplan er avsett til anna enn

jordbruk eller fareområde, eller for område som i bindande arealdel av kommuneplanen er lagde ut til byggjeområde.

4) Kulturminnelova:

I medhald av kulturminnelova §4 er ei rad kulturminne frå før år 1537 automatisk freda. Av kjente automatisk freda kulturminne i Jondal kan nemnast:

- Gravrøysar på ulike stader i kommunen

5) Naturvernlova:

For område med vernevedtak etter naturvernlova gjeld eigne vernereglar for arealbruken. I tillegg gjeld jordlova og generelle føresegner i plan- og bygningslova.

6) Veglova:

Veglova har m.a reglar som set forbod mot bygging i eit belte langs veg. Gjeldande byggjegranser etter veglova §29 er:

- 50 meter frå senterline på riksveg
- 15 meter frå senterline på fylkes- og kommunale vegar.

I regulerte område fastset den einskilde plan byggjegransa.

Statens vegvesen Hordaland sin rammeplan for avkøyringar har slike haldningsklassar for vegar i Jondal:

- Rv. 550 Utne - Jondal: Streng
- Fv. 105 Jondal – Øvre Krossdalen Mindre streng
- Fv. 107 Jondal – Kvinnherad grense Mindre streng

Desse vert tekne i vare av kommuneplanen ved at det vert kravd regulerings- eller utbyggingsplan for byggjeområda, og ved at ein gjennom retningslinene set krav om løyve til avkøyring ved dispensasjonssaker.

7) Andre lover:

Av andre lover som kan setja forbod og restriksjonar om bygg og anlegg kan nemnast:

- Innlandsfiskeleva
- Viltlova
- Hamnelova
- Friluftsløva

9.2. Plankart

Plankartet viser arealbruken for heile kommunen, også innanfor regulerte område. I regulerte område gjeld regulerings-/ utbyggingsplanen føre arealdelen av kommuneplanen og planføre mål er vist i kommuneplanen berre for å gje eit komplett bilete av arealbruken i kommunen.

Arealbruk med rettsverknad i kommuneplan for Jondal:

Heimel for arealbruk er gjeve i pbl §20-1, 1.ledd. Nedanfor er det gjeve ei kort forklaring på kva restriksjonar dei ulike føremåla set for arealbruken. Denne forklaringa er meint som informasjon, og er ikkje rettsleg bindande i den grad ho avvik eller er mangelfull i høve til lover og forskrifter.

1) Byggjeområde for:

- bustadbygging
- fritidshus
- næringsbygg
- anna byggjeområde — skytebane

Desse områda kan byggjast ut til oppgjevne føremål. Ved føresegn kan det setjast krav om regulerings- eller utbyggingsplan før utbygging skjer.

2) Landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område).

I slike område er det i prinsipp ikkje tillate med andre tiltak enn dei som er knytt til primærnæring / stadbunden næring.

3) Område som er bandlagt eller skal bandleggjast etter pbl eller andre lover:

- vern etter kulturminnelova
- vern etter naturvernlova Folgefonni nasjonalpark.

Innafor desse områda set vernereglane restriksjonar for arealbruk. Område må vernast i kraft av særlovsvedtak eller reguleringsvedtak innan 4 år.

4) Viktige ledd i kommunikasjonen:

- vegtrasè for tilførsleveg til Jondalstunnelen

Plankart:

Planen føreligg delvis på digitalt format. Planføremål som er digitalisert er i samsvar med rettleiar T-1127 og SOSI-standard. Føremåls grenser er digitalisert på grunnlag av opphavlege analoge plankart som var kart i målestakk 1:5000 og 1:10000 (økonomisk kartverk).

Analogt plankart (trykt kart):

Det trykte plankartet er i målestokk 1:50.000. N50-kartdata (turkartserien) viser situasjon og høgder. Område med ei viss detaljering er vist i førstørra utsnitt på baksida av det trykte plankartet. Dette gjeld områda Kysnes, Torsnes, Jondal, Krossdalen, Solesnes-Svåsand, og Herand.

Utval av stadnamn på plankartet er gjort ut frå kva namn som elles er i kommuneplanen, og skrivemåte er i samsvar med N50-kart og namnevedtak. Teiknforklaring, utfyllande planføresegner, retningslinjer og planvedtak er med på det trykte plankartet.

9.3. Utfyllande planføresegner.

I medhald av plan- og bygningslova §20-4. 2.ledd bokstav a):

- Det vert sett krav om regulerings- utbyggingsplan før utbygging av område avsett til byggjeføremål. Plankartet viser kva område som får krav om reguleringsplan (R) og utbyggingsplan (U).

I medhald av plan- og bygningslova §20-4. 2.ledd bokstav b):

- I områder for hyttebygging kan det, når tomtetilhøva tilseier at det er forsvarleg, tillatast fritidshus (hytter) med bebygd areal på opp til 100 m². Dette gjeld også for område med tidlegare vedteken regulerings- eller utbyggingsplan dersom planen har lagåre arealgrense enn 100 m², og for planar som frå før ikkje har grense for bebygd areal.

I medhald av plan- og bygningslova §20-4. 2.ledd bokstav c):

- Spreidd utbygging av fritidshus vert godkjent i bestemte LNF-område med eit samla tal einingar fritids-/ stølshus for kvart område. Før bygging tek til må det utarbeidast utfyllande føresegner som det faste utvalet for plansaker vedtek. Som grunnlag for føresegnene skal det utførast ei registrering og vurdering av bygningsmiljøa i dei aktuelle områda. Følgjande område og tal einingar vert godkjent:
- Spreidd utbygging av bustad- og fritidshus vent godkjent i LNF-område i heile kommunen, utanom LNF-områda utlagt for fritids-/ stølshus, med det omfang og lokalisering som er pr.1.jan.2003. Nyetableringar vert ikkje godkjende i medhald av denne føresegna. Før bygging tek til, må det utarbeidast utfyllande føresegner som det faste utvalet for plansaker vedtek.

I medhald av plan- og bygningslova §20-4. 2.ledd bokstav e):

- Bustad- og fritidshus vent ikkje tillate oppført eller vesentleg utvida i fjellområda over 1000 meter over havet, og i eit 100 meter breitt belte langs vatn og vassdrag.

I medhald av plan- og bygningslova §20-4. 2.ledd bokstav f):

- Tiltak som nemnt i pbl §§81, 86a, 86b og 93 vert ikkje tillate i inntil 100m frå vassdrag målt ved gjennomsnittleg flaumvasstand frå vassdraga (jf. plankartet):
 - Storelva i Herand.
 - Jondalselva og Stølsdalselva.
 - Torsneselva
 - Alle vatn større enn 1,0 daa.

9.4. Retningsliner.

9.4.1 Byggeområde.

Målsetjing med arealdelen av kommuneplanen er at det ikkje skal leggjast ut nye areal til bygging av fritidshytter før hovudrevisjon av kommuneplanen i år 2006. Utbygging i avsette område bør fordelast jamt over heile planperioden.

Tilhøva er lagde til rette for dei som ynskjer å satsa på utleigeverksemd ved at det er lagt ut næringsområde i tilknytning til gardsbruk. Jordlova skal framleis gjelda for desse næringsområda.

Bygging av fritidshus/ utleigehytter skal finna stad innanfor område lagt ut til desse føremåla i kommuneplanen, og etter stadfesta regulerings- eller utbyggingsplan.

Oppføring av nye eller vesentleg endring av eksisterande fritidshus/ utleigehytter vert som hovudregel ikkje tillate utanom område regulert til byggeområde.

Utbygginga må ikkje ta til før det ligg føre stadfesta regulerings- eller utbyggingsplan.

9.4.2 Dispensasjonar.

Det faste utvalet for plansaker kan gje dispensasjon for oppføring av bygg om det ligg føre særlege grunnar (jf pbl §7).

Kriteria som skal leggjast til grunn ved vurdering av om det kan gjevast dispensasjon for bustad- fritids- og utleigebygg i LNF-område:

- Landbruksstyresmaktene gjev samtykke.
- Tilkomst en godkjend av vegstyresmaktene.
- Vatn og avlaup må kunna løysast på tilfredsstillande måte.
- Utbygginga ikkje er i konflikt med natur- og friluftsiinteresser, eller jakt- og fiskeinteresser.
- Tiltaket en i tråd med lokal byggjeskikk og ikkje til skade for kulturlandskapet
- Rasfare må vera vurdert og funnen forsvarleg.
- Støyfare må vera vurdert og funnen forsvarleg.

9.4.2.1 Bustader.

Oppføring av eitt våningshus og eitt kårhus pr. gardsbruk, samt eitt bustadhus i tilknytning til stadbunden næring er i tråd med LNF-føremålet. Bustadbygg i LNF-område ut over dette er å sjå på som dispensasjonssaker. I delar av kommunen med tilrettelagde bustadfelt bør det ikkje gjevast dispensasjon for bustadbygg i LNF-område. Dette skal likevel ikkje vera til hinder for tilbygg til og vedlikehald av eksisterande bygg.

9.4.2.2 Fritidshus

Før eventuell dispensasjon vert gjeve skal regulerings- eller utbyggingsplan utarbeidast. Dette gjeld når det vert søkt om byggeløyve for to eller fleire fritidshus, eller om det frå før er fritidshus i området.

Dispensasjon bør ikkje gjevast i fjellområda over 1000 moh., eller i eit 100 meter breitt belte langs vatn og vassdrag.

9.4.2.3 Utleigehytter.

Det kan gjevast dispensasjon frå byggjeforbodet om utleigehytter er ein del av driftsopplegget for eit gardsbruk.

9.5. Planvedtak.

1. Jondal kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova §20-1 arealdel av kommuneplan for Jondal, bestående av plankart, utfyllande føresegner og retningslinjer, slik han er lagt fram.
2. Alle vedtekne regulerings- og utbyggingsplanar skal gjelda, men for planar med utbyggingsførermål fritidshus vert det innført sams grense for tillate bebygd areal på 100m². Dette gjeld også for område med tidlegare vedteken regulerings- eller utbyggingsplan dersom planen har lågare arealgrense enn 100 m², og for planar som frå før ikkje har grense for bebygd areal.

10. VEDLEGG